

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	14.05.2018
Tid:	16:00

Program

16:00 - 16:20 Orientering av elev- og lærlingombodet
16:20 - Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer og varamedlemmer i Ungdommens fylkesutval.

Referat frå førre møte finn dykk på Politiske saker (e-innsyn).

Marius Hellan Hindenes
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 23/18	Godkjenning av innkalling		
PS 24/18	Godkjenning av sakliste		
PS 25/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 26/18	Referatsaker (meldingar)		
PS 27/18	Ymse		
RS 13/18	Oversikt ungdomsråd per 30.04.2018	2014/560	
RS 14/18	Oversikt økonomi per 30.04.2018	2014/560	
RS 15/18	Årsmelding for Ungdommens fylkesting 2017	2014/560	
RS 16/18	Ungdommens planprogram 2018	2014/560	
RS 17/18	Rapport frå elev- og lærlingombodet 2017	2018/10200	
RS 18/18	Årsrapport 2017 for mobbeombodet	2016/10915	
RS 19/18	Større saker til politisk behandling 2015-2019	2015/10845	
RS 20/18	Politisk organisering - drøftingsnotat for hovudutvalsstruktur i ny fylkeskommune	2015/1434	
RS 21/18	Referat frå dialogdagen 04.04.2018	2014/560	
PS 28/18	Mandat for elev- og lærlingombodet i Hordaland	2018/10227	
PS 29/18	Mandat for mobbeombodet i Hordaland	2018/10229	
PS 30/18	Orientering frå konferansar, møter og anna sidan førre møte	2014/560	
PS 31/18	Korleis skal eit medverknadsorgan for ungdom sjå ut etter samanslåinga?	2014/560	
PS 32/18	Delegat på Ungdommens fylkesting 2018 - ikkje medlem av ungdomsråd	2014/560	
PS 33/18	Møteplan for Ungdommens fylkesutval i 2018	2014/560	

PS 23/18 Godkjenning av innkalling

PS 24/18 Godkjenning av saksliste

PS 25/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 26/18 Referatsaker (meldingar)

PS 27/18 Ymse

Ungdomsråd i Hordaland
Oppdatert 19.03.2018

Kommune	Leder	Telefon	E-post
Askøy	Jens Hestnes Andersen	91911578	jens.hest.and@gmail.com
Austevoll	Dorothea Wessel	97074870	dorothea.wessel@gmail.com
Austrheim	Henrik Nielsen	90253986	henrikgrabben@hotmail.com
Bergen	Elias Mosevoll		ungdommens.bystyre@bergen.kommune.no / elias.mosevoll@bkkfiber.no
Bømlo	Lars Esperø	99365515	lars.espero@gmail.com
Eidfjord	Oda Medhus	95424228	oda.medhus@outlook.no
Etne	Inga - Hedvig Voster Vannes	48287985	vingahedvig@gmail.com
Fedje	Fiona Nordbø	90241220	fionanordbo@hotmail.com
Fitjar	Alice Rose Medhammer	94852204	alice.rose@haugnett.no
Fjell	Julie Langum	46658839	julie.langum57@gmail.com
Fusa	Vegard Fosså		vegardf99@hotmail.com
Granvin	Karoline Kalsaas		Karoline_kalsaas@hotmail.com
Jondal	Tiril Eiken		
Kvam	Magnus Torvik	91341421	magnustorvik@gmail.com
Kvinnherad	Har ikkje		
Lindås	Morten Stokke	97518501	mortenstokke@outlook.com
Masfjorden	Har ikkje		
Meland	Silje Nordal	938 54 805	sinor2000@gmail.com
Modalen	Hilde Brørvik	41477453	hilde_fjellanger@hotmail.com
Odda	Sigrid Walle	41594974	sigridwalle@hotmail.com
Os	Har ikkje		
Osterøy	Karita Johnsen Grønsdal (Si	47353623	simengrimstadoksnes@gmail.com
Radøy	Steffen Vestheim Sævdal	91917296	steffen.v.s@hotmail.com
Samnanger	Oscar Kienitz	46591629	oscar.kienitz99@gmail.com
Stord	Ulvar Akselsen	90662813	Uakselsen@gmail.com
Sund	Sunniva Henden	40314463	sunnivahenden@live.com
Sveio	Olav Bjelland	41181712	
Tysnes	Malene Kristine Meidell Alsar	99210111	malene.kristine@alsakershus.no

Ullensvang	Olav Rieber Østlie		Olav.Rieber.Ostlie@ullensvang.herad.no
Ulvik	Bjørk Thorbjørnsen	97540044	bjorkth19@gmail.com
Vaksdal	Anna Elisabeth Øyrehagen A	98459849	annae.oyrehagen.aksellvoll@gmail.com
Voss	Jens Håkon Birkeland	97042353	Jenshakonbirkeland@gmail.com
Øygarden	Synne Nordøy	93871792	synne.nordoy@hotmail.com
Hardanger			

Kommune	Sekretær	Telefon	E-post
Askøy	Sigrun Haarklau	91178430	Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no
Austevoll	Morten Storebø	94504076	morten.storebo@austevoll.kommune.no
Austrheim	Anita Soltveit	47480209	anita.soltveit@austrheim.kommune.no
Bergen	Birgitte Teglgaard	46 69 65 20	Birgitte.teglgaard@bergen.kommune.no
Bømlo	Elisabeth Knutsen	53423068/911 65 377	elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no
Eidfjord	Bergljot Veivåg	53673537	bmj@eidfjord.kommune.no
Etne	Dagfinn Garnes-Johnsen	53758125	dagfinn.garnes.johnsen@etne.kommune.no
Fedje	Signe Råheim	56165157	postmottak@fedje.kommune.no
Fitjar	Bente Bjelland		bebj@fitjar.kommune.no
Fjell	Unni Rygg	47417522	unni.rygg@fjell.kommune.no
Fusa	Erik Vangsnes	47277146	erik.vangsnes@fusa.kommune.no
Granvin	Siri Stuve	41268620	siri.stuve@granvin.kommune.no
Jondal	Ragnvald Joakimsen	45474181	post@jondal.kommune.no
Kvam	Kari Weltzien Vik	99543057	kwvi@kvam.kommune.no
Kvinnherad	Veronica Thorsen	97067136	veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no
Lindås	Robert Lorang Hansen	95522070	robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no
Masfjorden	Alf M. Strand		alf.m.strand@masfjorden.kommune.no
Meland	Ane Bysheim		ane.bysheim@meland.kommune.no
Modalen	Kristin Nåmdal		Kristin.Namdal@meland.kommune.no
Odda	Bodil Skjerven		bodil.skjerven@odda.kommune.no
Os	Paul Manger	47881137	pjm@os-ho.kommune.no
Osterøy	Grete Birkelid		grete.birkelid@osteroy.kommune.no
	Kari Aakre		kari.aakre@osteroy.kommune.no
Radøy	Katarina Birkeland	90696931	katarina.birkeland@radoy.kommune.no
Samnanger	Meline Haugland	47465510	Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no
Stord	Trude Aamot		Trude.Aamot@stord.kommune.no
Sund	Hilde Kristin Egeland	56327599	hilde.k.egeland@sund.kommune.no
Sveio	Vidar Vikse		Vidar.Vikse@sveio.kommune.no
Tysnes	Vibeke Stoltz	95528902	vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no

Ullensvang	Linn M. Østerbø	53671502	lost@ullensvang.herad.no
Ulvik	Ingvild Winters		Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no
Vaksdal	Ann Kristin Bolstad		ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no
Voss	Lars Egil Sjøtun	56518350	Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no
Øygarden	Jarle Kåre Oen		jarle.kare.oen@oygarden.kommune.no
Hardanger	Trude Rinaldo	48954550	post@hardangerradet.no

Ansvar	Sted	Regnskap	Budsjett	Formel
100330 Ungdommens Fylkesting	10033000 Ungdommens Fylkesting	15 590	103 332	87 742
100330 Ungdommens Fylkesting	10033001 Utvalsmøtar	73 581	0	-73 581
100330 Ungdommens Fylkesting	10033003 Kurs og konferansar	2 902	0	-2 902
100330 Ungdommens Fylkesting	10033005 Ungdommens fylkesting	53 078	0	-53 078

Notat

Dato: 27.03.2018
Arkivsak: 2014/560-302
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Fylkestinget

Frå: Ungdommens fylkesutval

Årsmelding for Ungdommens fylkesting 2017

Ungdommens fylkesutval har førebudd årsmelding for Ungdommens fylkesting 2017. Denne vart godkjent av Ungdommens fylkesting 12.02.2018, og vert her lagt føre fylkestinget til informasjon slik reglementet for Ungdommens fylkesting fastset. Årsmeldinga finn de som vedlegg.

Ungdommens fylkesting vedtok og Ungdommens planprogram 2018. Dette ligg og vedlagt.



UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Årsmelding for

Ungdommens fylkesutval 2017

Vedteke 12.02.2018

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Ungdommens fylkesutval og fylkessekretariatet
Kontaktinformasjon/ e-post: ungdommens.fylkesutval@hfk.no
Dato: 12.02.2018

INNHALD

ÅRSMELDING 2017 FOR UNGDOMMENS FYLKESUTVAL	4
Samansetting av Ungdommens fylkesutval (UFU).....	4
Samansetting av kontrollkomiteen	4
Opplæring og helse	5
Kultur, idrett og regional utvikling	5
Miljø og samferdsel	6
Eigen organisasjon	6
Administrasjonen	7
Ord frå leiar	7
Kontrollkomiteen	8

Årsmelding 2017 for Ungdommens fylkesutval

SAMANSETTING AV UNGDOMMENS FYLKESUTVAL (UFU)

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Håkon Kongsvik	Leiar	Tysnes Ungdomsråd / UFU	1 år
Martin Virkesdal Jonsterhaug	Nestleiar	Ungdommens bystyre Bergen / UFU	1 år
Anna Elisabeth Ø. Akselvoll	Medlem		2 år
Sigrid Farestveit Neset	Medlem		2 år
Jens Hestnes Andersen	Medlem		1 år
Silje Nordahl	Medlem	UFU	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Medlem	UFU	1 år
Malene Kristine M. Alsaker	Varamedlem		1 år
Marius Hellan Hindenes	Varamedlem		1 år
Julie Henriette Langum	Varamedlem		1 år
August Lavik	Varamedlem		1 år
Roland Fredriksen	Varamedlem		1 år

SAMANSETTING AV KONTROLLKOMITEEN

Namn	Stilling	Organisasjon	Valperiode
Gard Aasmund Skulstad Johanson	Leiar	Tidligere UFU-medlem	1 år
Miriam Louise Seim	Medlem	Tidligere UFU-medlem	1 år
Agnes Hoshovde Bernes	Medlem	Tidligere UFU-medlem	1 år

OPPLÆRING OG HELSE

– Anna Elisabeth, Malene Kristine og Julie

I år er det Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll (leiar), Julie Langum og Malene Kristine Meidell Alsaker som har vore i utvalet for opplæring og helse. Me i opplæring og helse starta året med eit samarbeidsmøte saman med utval for opplæring og helse i fylkestinget i Hordaland. Her presenterte me planprogrammet vårt og det me skulle arbeida med i 2017. Vidare utover året har me hatt jamnlege møte med utvalseiar Emil Gadolin. Der har me diskutert og fått støtte i saker omhandlande seksualundervisning, tannhelse, psykisk helse blant ungdom og sunnare mat på skulane. Me har også utvikla eit godt samarbeid med både mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i løpet av året som har gått. Dei har blant anna starta prosjektet Prosjekt Nettvett dette året som UFU, ved blant anna Anna Elisabeth og Julie er med på. Her har det vore diskutert ulike tiltak for å forhindre mobbing i skulen. Det praktiske arbeidet har ikkje endå begynt, men me ser fram til å sjå resultatet av arbeidet i praksis.

Gjennom initiativ frå begge partar har me klart å få til eit nytt og godt samarbeid med KS (Kommunesektorens Organisasjon). Gjennom dei har me også fått taletid på eit møte samanslått av strategikonferanse og fylkesmøtet i januar 2018. Der fekk me moglegheit til å promotere oss sjølve og nå ut til dei yttarste delane av fylket.



I november var me representert ved Malene Kristine og Anna Elisabeth på MIKS-konferansen (mangfold, inkludering, kommunikasjon og samhandling) sin konferanse om inkludering i 2017. Der fekk me meir informasjon og innspel om korleis å betra integrering. Dette var svært lærerikt og me fekk mykje ny og nyttig kunnskap. Dette har me også brukt i arbeidet mot planprogrammet våra.

I september var me på innspelsmøte til den Regionale Folkehelseplanen. Her kom me med mange innspel, fleire av dei vart også omhandla i deira planprogrammet. Blant anna sunnare matvaner i skulen, og mål om skulefrukost.

I arbeidet om betre psykisk helse for ungdom har me vore mykje i kontakt med Miljøgruppa på Slåtthaug vidaregåande, for å få innspel om kva tiltak som kan gjerast for å forbetre den psykiske helsa til ungdom i fylket. Me avslutta året med å inngå eit samarbeid med ungdomsrådet til Haukeland Universitetssjukehus, dette ser me fram til å arbeida vidare med.



KULTUR, IDRETT OG REGIONAL UTVIKLING

– Silje og Vegard

I år har Silje Nordal og Vegard Tobias Kvalheim Kleppe vore i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Vi har fått moglegheit til å jobbe med mykje kjekt. Silje var med i planleggingsprosessen av UKM 2017 i Hordaland. Den 28. april var festivalen i gong, og den vart kjempe bra. Vi fekk sjå utrolig mange dyktige og kreative ungdommar frå fylket. Vi fekk også moglegheita til å vera med i ein jury for utdeling av utviklingsstipendet til unge utøvarar innan gateaktivitet. Vi trur og at ungdommens fylkesutval kan vera veldig aktuell for å gjere stipendet kjent blant målgruppa.

Vi har og opprettheldt samarbeidet med den kulturelle skulesekken som deira Ungdomsprogramråd. Vi veljar to produksjonar som går inn i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for skuleåret 2018-2019.

I haust deltok også Silje på eit innspelsmøte om rusførebyggjande arbeid. Der fekk vi moglegheit til å foreslå tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket. Eit anna innspelsmøte vi deltok på var til den regionale planen for folkehelseplanen. Forslaga vi gav var blant anna at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod, at det skal utarbeidas ein plan mot mobbing i samarbeid med elevar og mobbeombodet, og at det bør vera fleire opne idrettsfasilitetar samt at det skal verte enklare for ungdom og få informasjon om dette.



Vi synas det er svært bra at folkehelseplanen får innspel frå ungdoms perspektiv. Ein frå KIRU i UFU skal no også få plass i eit samarbeidsorgan for folkehelse som skal opprettast. Til slutt, synes vi som mange andre at det var veldig gøy å få vera tilskodar på eit av verdas største idrettsarrangement - Sykkel-VM Bergen 2017.



MILJØ OG SAMFERDSEL

– Sigrid og Marius

I år har Sigrid Farestveit Neset og Marius Hellan Hindenes vore i utvalg for miljø og samferdsel. Her har me fått høve til å møte mange flinke mennesker og deltatt på mykje spennande innafor samferdsel.

Leiar av miljø og samferdsel i ungdommens fylkesutvalg Sigrid har blitt medlem av fylkestrafikksikringsutvalget. Her har me fått invitasjon til å kome med forslag om tema til trafiksikringskonferansen i 2018 som skal ha fokus på ungdom. Me har også vore i dialog med skyss der me har fått orienteringar om sonestrukturen, busstilbod i distrikta og prisen på ungdomsbilletten.



I haust kom fylkesrådmannen med eit forslag om å auke prisen på månadskortet for ungdom. Dette var noko me i MISA stilte oss negative til, og hovudfokuset var retta på dette då Sigrid presenterte budsjettinnspelet til MISA på fylkestinget. Heldigvis valte fylkestinget å gå imot forslaget til fylkeskommunen, og prisen på ungdomsbilletten steig dermed ikkje. Marius var i avisa Nordhordland der han snakka om lettelsen av dette, og kva konsekvensane ville blitt dersom prisen på månadskortet for ungdom hadde auka.

EIGEN ORGANISASJON

– Jens, August og Roland

Representantane Marius Hellan Hindenes og Silje Nordal deltok i mars på fylkesting for ungdom i Sogn og fjordane. Dette var kjekt og lærerikt. Vi i UFU ser fram til fylkessamanslåinga og gleder oss til tett samarbeid vidare på vegen til det nye fylket.

Vi i eigen organisasjon har hatt eit kontinuerlig arbeid med å oppdatere våre sider på sosiale mediar og leggje ut sakar som er relevante for ungdom i fylket. UFU skulle gjerne hatt meir medieoppslag og arbeid på sosiale mediar. Eigen organisasjon har vært engasjerte i det sosiale i UFU. Vi gjort vårt beste for at alle i utvalet skal føle seg sett og inkluderte. Det sosiale på nettverksamlinga og UFT er det og eigen organisasjon som har hatt ansvaret for.

Vi har skaffa meir profileringsmaterieill til UFU, blant anna etterlengta grå UFU-genserar og fine refleksar. Fokuset har og vore retta mot oppstarting, samt oppfølginga av ungdomsråd i fylket. Start av ungdomsråd har vore vanskelig. Dette er noko UFU til neste år må prioritere. Oppfølging av ungdomsråd blei prioritert sterkt i år, Øygarden ungdomsråd ble oppretta i fjor. UFU har hjelpt med tilrettelegging og oppfølging gjennom hele året. Dette har vore lærerikt og vi er klare for å starte enda fleire ungdomsråd.

Nettverkssamlinga 2017

UFU arrangerte Nettverkssamling for ungdom frå alle kommunane i Hordaland fyste helga i november. For fyste gong hadde me to hovudtema i staden for eit, og brukte då "Framtidas skule i Hordaland" og "Klima og miljø i framtidas Hordaland". Dette var to tema som engasjerte veldig og me fekk mange gode innspel frå deltakarane til kva som var viktig for å sikre ein god skule og klimavennlege tiltak i framtidas Hordaland.

ADMINISTRASJONEN

Hordaland fylkeskommune har i 2017 hatt ein tilsett som har jobba for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Det har vært Andreas Skretting Jansen, som har vært rådgjevar og sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

ORD FRÅ LEIAR

Året 2017 har vore eit produktivt og kjekt år for ungdommens fylkesutval der me har jobba godt med ungdommens planprogram og hatt fokus på å gjere oss sjølve meir synlege for politikarane i fylkeskommunen og ungdommen i Hordaland. Etersom det var ei stor utskifting av medlem frå 2016 til 2017 brukte me vårt fyste helgemøte til å bli betre kjent med kvarandre og skape eit godt sosialt grunnlag for resten av året. Med tanke på at det var mange nye medlem i UFU 2017 var det viktig for meg sjølv og nestleiar Martin at me og brukte det fyste helgemøte på ein god gjennomgang av korleis ungdommens fylkesutval jobba, korleis fylkeskommunen er organisert, og korleis ein kan jobba mest mogleg effektivt med UPP, i tillegg til å knytte dei ulike utvala opp til relevante kontaktpersonar i fylkeskommunen.

Ved fleire anledningar har ulike medlemmar frå UFU presentert seg for, og hatt møte med relevante politikarar for å diskutere sakar som er viktige for UFU og UFT, noko som har ført til at UFU har blitt meir synlege blant fylkespolitikarar og våre innspel og nærvær på møte har blitt meir etterspurd. Mellom anna har utvala deltatt på møter med utvalsléiarane i fylkeskommunen, i tillegg til at meg sjølv og Martin har hatt møte med fylkesvaraordførar og presentert oss og våre viktige sakar for fylkestinget noko som gjorde at me blei meir kontakte i samband med ulike planar og prosjekt i regi av fylkeskommunen. Gjennom året har me og hatt eit godt samarbeid med mobbeombodet og elev- og lærlingombodet.

Arbeid på nasjonalt nivå har også vært ganske sentralt for UFU 2017. Me har vært aktiv innan ANMU – «Arbeidsutvalg for opprettelsen av nasjonalt medverkningsorgan for ungdom» der meg og nestleiar har deltatt på fleire ANMU-møte for å ferdigstille forslag til struktur, finansiering, mandat og vedtekter og å samle støtte frå alle dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom, samt støtte frå dei respektive fylkestinga. Dette arbeidet har tidlegare vore prega av dårleg organisering og lite effektive møte, noko som eg opplever at har forbeta seg betydeleg i år. Me har no i praksis avslutta dei fysiske møta då det ikkje lenger er naudsynt.

I tillegg har eg hatt gleden av å få delta i eit dialogforum med representantar frå barne- og likestillingsdepartementet og kunnskapsdepartementet saman med dei andre leiarane frå dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom. Der brukte me mykje tid på å diskutere arbeidet vårt for å opprette eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom og korleis me skal gå vidare med det. Andre viktige tema som skulehelsetenesta, fysisk og psykisk helse, barnevern, kompetanse blant lærarane, og fråværgrensa.

Avslutningsvis vil eg seie at arbeidet i UFU 2017 har vore triveleg og produktivt, og generelt oppmøte har vore bra. Likevel er det ein del ting me kan bli betre på, det er for eksempel særskild viktig at ein jobbar jamt gjennom året og gjer godt arbeid mellom møta, slik at ein og stiller godt førebudd til møta. Noko UFU 2017 kunne vore flinkare på er kommunikasjon, derfor er eit godt tips til UFU 2018 å holde god kommunikasjon mellom leiinga og utvala slik at alle er klar over kva som er forventa gjort til møta og kva som skal gjerast på møta.

Eg er svært glad for å ha fått vere leiar for ein kjempeflott gjeng som sit på mykje kompetanse, på mange felt. Året har vore fylt med gode diskusjonar om stort sett det meste, og det har aldri vore eit kjedeleg augeblikk med denne gjengen. Tusen takk for eit fantastisk og lærerikt år!

Håkon Kongsvik
Leiar
Ungdommens fylkesutval i Hordaland

KONTROLLKOMITEEN

Kontrollkomiteen har i 2017 bestått av Gard Aasmund Skulstad Johanson (Leder), Agnes Hoshovde Bernes og Miriam Louise Seim. Kontrollkomiteen ble valgt i Ungdommens fylkesting, februar 2017. Kontrollkomiteen jobber i kraft av sitt mandat gitt av Hordaland Fylkesting.

§2.23

Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkes- utval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.

§2.24

Kontrollkomiteen er plikta til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.

Kontrollkomiteen har i 2017 møtt i flere av Ungdommens fylkesutvalg sine møter og svart på forespørslar fra utvalget ved behov.

Sekretariatet til UFU har i 2017 vært et av de største ankepunktene vi har bemerket oss. I 2017 har UFUs sekretær vært i foreldrepermisjon og en vikar har fylt rollen som UFUs sekretær og bindeledd opp mot fylkesadministrasjonen. Ettersom denne rollen ikke utgjør en 100% stilling deles sekretariatet til vanlig mellom fylkeseldrerådet, rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne og ungdommens fylkesutvalg. I denne perioden har sekretæren fungert for kun UFU og dette har medført at kontakten mellom UFU og fylkeskommunen har sviktet der en tidligere er vant til å ha en sekretær hver ukedag 08-16. Dette har medført at flere saker ikke har blitt tilsendt UFU slik at UFU har kunnet skrive uttalelse til disse. Dessuten har sakspapirene til møter ofte vært manglende eller sendt ut for sent, noe som vanskeliggjør vår kontrollerende rolle overfor UFU. Ei heller har nettsidene vært tilstrekkelig oppdatert.


UFU oppgir at sekretariatet har vært et problem denne perioden og har vanskeliggjort arbeidet i uvalget.

Et annet moment er UFUs synlighet. Etter vedtektene og ungdommens planprogram skal UFU ha en aktiv rolle i media og på sosiale medier der de skal fronte ungdommens interesser i Hordaland. I 2017 har UFU hatt medieoppslag, men kontrollkomiteen har bemerket seg at sosiale medier sjelden har blitt oppdatert. Dette er svært negativt da sosiale medier er en av de viktigste kanalene UFU kan kommunisere med ungdommer i fylket. Det er viktig at UFU 2018 tar dette til etterretning og bruker sosiale medier og tradisjonelle medier aktivt for å front politikken vedtatt av UFT.

Nettverkssamlingen ble av flere av gjestene trukket frem som lite organisert med mye dødtid og i mangel på et klart mål og en interessant kjøreplan.

Kontrollkomiteen har også tatt kontakt med medlemmene i UFU og her nevnes en manglende kontakt mellom ledelsen i UFU og resten av utvalget som problematisk. Dessuten nevner flere at møtene ofte har vært for mye "kos" og lite arbeid. Som et tiltak for å forbedre dette nevnes blant annet at en kan gjøre mer av arbeidet uten å møtes fysisk. Dette ser vi i kontrollkomiteen positivt på, såfremt det ikke går på bekostning av arbeidet i utvalget.

Avslutningsvis ønsker vi i kontrollkomiteen å takke for oss og ønske UFU i 2018 lykke til.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Ungdommens planprogram 2018

Vedteke av Ungdommens fylkesting 11.02.2018

OM RAPPORTEN

Ansvarleg eining: Ungdommens fylkesutval
Kontaktinformasjon: ungdommens.fylkesutval@hfk.no
11.02.2018

INNHALD

DEL 1: VISJON OG VERDIAR FOR UNGDOMMENS FYLKESTING	4
Visjon	4
Verdiar	4
DEL 2: MÅL FOR PERIODEN	5
DEL 3: TILTAK	1
Opplæring og helse	1
Kultur, idrett og regional utvikling.....	3
Miljø og samferdsel	4
Eigen organisasjon	5
DEL 4: UTDJUPINGSdokUMENT TIL UNGDOMMENS PLANPROGRAM	7

Del 1: Visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting

VISJON

Ungdom fører Hordaland vidare

VERDIAR



Involverande

Vi er bindeleddet mellom ungdom i Hordaland og fylkeskommunen. Vi fokuserer på eit godt samarbeid og aktiv inkludering av ungdom i politikken.



Framtidsretta

Vi ser framover og påverkar politikken i Hordaland til det beste for ungdom i framtida.



Slagkraftig

Vi kjempar hardt for at ungdom skal bli høyrd og få størst mogeleg påverknadskraft i fylkespolitikken.

Del 2: Mål for perioden

Opplæring og helse

UFT meiner..

1. Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.
2. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet /studiestaden.
3. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
4. Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovleg grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.
5. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
6. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
7. Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
8. Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
9. Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
10. Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
11. Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.
12. Sammenhengen mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
13. Det er viktig å øke lærernes digitale kompetanse slik at de kan utdanne elevar som er klare til å møte et digitalisert arbeidsliv.
14. Auke grensa på politisk fråvær.
15. Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten

Kultur, idrett og regional utvikling

UFT meiner..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylkeskommunen får innspel frå ungdom sine perspektiv.
2. Kulturtilbodet til ungdom skal halde fram og forbetrast.

Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon, vurdering og forslag til tiltak for neste år.

3. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
4. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
5. Arrangement tilpassa ungdom skal framhevas og forbetrast.
6. Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.

Miljø og samferdsel

UFT meiner..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
3. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
4. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.

Eigen organisasjon

UFT meiner..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
3. Det skal vere eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og bygge på kvarande. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjer skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reel innflytelse.
4. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.
5. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.

Del 3: Tiltak

Denne delen av Ungdommens planprogram er tiltak. Den heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å opp- nå måla for perioden.

OPPLÆRING OG HELSE

UFT meiner at..

1.	Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.
a.	UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
b.	UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.
2.	Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.
a.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.
3.	Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
a.	UFU skal arbeide for at fleire tilbod som Hyssingen Produksjonsskule vert oppretta.
4.	Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.
a.	UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.
5.	Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
a.	UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantine ved vidaregåande skuler i Hordaland.
b.	UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering.
c.	UFU skal oppmode til at behovet for alternativ mat ved dei vidaregåande skulane vert dekt.
6.	God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
a.	UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skulepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengelig på skulen kvar dag.
b.	UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggjande tiltak.
c.	UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjonar for elevar der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse.
d.	UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, for eksempel ved å delta på Bergen Pride.
f.	UFU skal kontakta ungdomsrådet ved Haukeland Universitetssjukehus for å få innspel om korleis ein skal arbeida mot unge i psykisk vanskeleg situasjon.
g.	UFU skal arbeida for at det vert oppretta liknande ordningar som "Miljøgruppa" ved Slåtthaug vidaregåande, ved alle dei fylkeskommunale skulane. Yrkesfagskular skal vera mest prioritert.
h.	UFU skal følgje opp prosjektet snillsnakk med mobbeombodet i leiinga, for å førebyggje nettmobbing.
i.	UFU skal arbeide for at psykisk helse står sentralt i delar av den generelle læreplanen.
j.	UFU skal arbeide for at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland skal vere MOT-skular.

7.	Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
a.	UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.
b.	UFU skal arbeida for at skulane skal tilby leksehjelp for å tilretteleggja for elevane.
c.	UFU skal jobbe for at dei vidaregåande skulane skal leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.
8.	Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
a.	UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule.
b.	UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning. Den skal vera haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.
c.	UFU skal arbeida for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helse-søster eller anna helsefagleg personell.
d.	UFU skal arbeide for å promotere organisasjonar som arbeider for å betre seksualundervisninga i skulen.
e.	UFU skal arbeide for ei seksualundervisning der ein reflekterer over pornografiindustrien.
9.	Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
a.	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.
b.	UFU skal arbeida for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.
c.	UFU skal arbeida for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skapa god integrering i skulen.
10.	Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
a.	UFU skal arbeide for at det opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland.
b.	UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmulighetene innenfor hver enkelt yrkesfaglige linje.
c.	Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.
d.	UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.
11.	Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.
a.	UFU bør arrangere ein elevkonferanse for representantar frå alle dei vidaregåande skulane i fylket med jamne mellomrom. Der skal ein fokusere på erfaringsutveksling mellom dei ulike skulane. Her får også UFU ein sjanse til å promotere seg og sin politikk.
12.	Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
a.	UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.
b.	Utstyrsparken til dei vidaregåande skulene som tilbyr yrkesfag skal vere moderne og kunne simulere reelle arbeidssituasjonar og at utstyrsparkane ved skulene tilsvarer dei ein finn i arbeidslivet
13.	Antallet elever uten lærlingplass skal senkes.
a.	UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmulighetene innenfor hver enkelt yrkesfaglige linje.
b.	Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.
c.	UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.
d.	UFU skal være en aktiv pådriver for å utvikle et godt samarbeid med lærlingerådet

14.	Det er viktig å øke lærernes digitale kompetanse slik at de kan utdanne elever som er klare til å møte et digitalisert arbeidsliv.
a.	IKT og digital kompetanse skal være en viktig del av lærerutdanningen.
b.	Fleire lærarar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.
c.	Det skal utvikles støtteordningar for investering i IKT og digital infrastruktur på vidaregåande skoler i Hordaland.
15.	Grensa for gyldig politisk fråværet skal aukast.
a.	UFU bør ta kontakt med aktuelle politikere for å kunne påverka grensa for politisk fråvær.
16.	Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten
a.	UFU bør inngå eit samarbeid med Elevorganisasjonen for å drive erfaringsutveksling for å best sikre elevdemokratiet.

KULTUR, IDRETT OG REGIONAL UTVIKLING

UFT meiner at..

1.	Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.
a.	UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.
b.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.
c.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.
d.	UFU skal aktivt arbeide for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skular i Hordaland gjennom mellom anna dialog med Raude Krossen.
e.	UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggjande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar som Juvente i dei vidaregåande skulane.
f.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».
2.	Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.
a.	UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen.
b.	UFU skal samarbeide med fylkeskommunen om å utvide opningstider på museum i Hordaland.
c.	UFU skal arbeide for å oppretthalde tilbodet Bokbåten Epos i Hordaland.
d.	UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.
e.	UFU skal opprette og oppretthalde eit god samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktiviteter og hendingar for ungdom.
3.	Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
a.	UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlege bibliotek. Døme på eit slik tiltak er U-ROM på Bergen Offentlige bibliotek.
b.	UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.
c.	UFU skal arbeide for å utvide opningstider på fylkesbibliotek tilpassa ungdom.

4.	Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
a.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.
b.	UFU skal arbeide for å oppretthalde posten i budsjettet til dette.

6.	Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.
a.	UFU skal samarbeide med ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane om et nytt regionalt medverknadsorgan for ungdom.
b.	UFU skal komme med innspel om kva som er viktig for ungdom i den nye regionen.

MILJØ OG SAMFERDSEL

UFT meiner at..

1.	Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
a.	UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje overskrider 45% av prisen på periodeskyss for vaksne per måned.
b.	UFU skal arbeide for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.
c.	UFU skal arbeide for likestilling av honnør og studentrabatt på all kollektivtransport i fylket
d.	UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny Skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.
e.	UFU skal arbeide for å senke nedre aldersgrense, og øke øvre aldersgrense på ungdomskortet.
f.	UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.

2.	Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
a.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.
b.	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.
c.	UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.

3.	Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikkisikringa for ungdom.
a.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikkisikring for ungdom.
b.	UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikkisikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.
c.	UFU skal arbeide for at trafikkisikring på E16 skal prioriterast.
d.	UFU skal arbeida med trafikkisikring på fylkesveg 541, serleg strekninga før Langevåg fejekai.
e.	UFU skal arbeide for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesvegane, med hovudfokus på distrikta.
f.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for trafikkisikring av alle skuleveggar.
g.	UFU skal arbeide for løysingar som undergangen ved Knarvik vidaregåande.
h.	UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktsbelte på alle bussane i Hordaland.
i.	UFU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke belte på buss.

4.	Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.
a.	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.
b.	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.

c.	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særlig fokus på vidaregåande skular
d.	UFU skal arbeide for kjøttfri-måndag ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland
e.	UFU skal arbeide for fleire elbil-ladestasjonar ved fylkeskommunale bygg
f.	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskilt vidaregåande skular.
g.	UFU skal bidra og arbeide for papir og plastreduksjon i fylkeskommunen.
h.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.
i.	UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.
j.	UFU skal arbeide for ein betre miljøsertifiseringsordning på vidaregåande skule enn miljøfyrtårn.
k.	UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.
l.	UFU skal vera ein aktiv pådrivar for utbygging av hydrogenstasjonar i fylket.

EIGEN ORGANISASJON

UFT meiner at..

1.	Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
a.	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.
b.	UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.
c.	UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.
d.	UFU bør sende representantar på dei ulike partia sine gruppemøte når der er oppe saker som er aktuelle for UFU.

2.	Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
a.	UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
b.	UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommu nestyre.
c.	UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.
d.	UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.
e.	UFU skal oppfordre elevråda til å arbeida for ei seksualundervisning med fokus på grensesetjing og handlingsskapande undervisning allereie i grunnskulen.

3.	Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.
a.	UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.
b.	UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.
c.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.
d.	UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.

4.	Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.
a.	UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.
b.	UFU skal leggje ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram .
c.	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.
d.	UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2017.
e.	UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
f.	UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2017.
g.	UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.
h.	UFU skal vere i tett dialog med interesseorganisasjonar for ungdom, for å styrke sakane våre, samt få nye perspektiv.

5.	Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.
a.	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.
b.	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdoms- råd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.
c.	UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.

Del 4: Utdjupingsdokument til Ungdommens planprogram

Formål

1.1	Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sitt øvste politiske dokument. Ungdommens planprogram inneheld sakane Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det komande året etter at det er vedteke.
1.2	Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Dette er i samsvar med vedtektene til Ungdommens fylkesting.


Visjon og verdiar

2.1	Del 1 av Ungdommens planprogram skal innehalde visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting.
2.2	Visjonen for Ungdommens fylkesting skal vere framtidsretta og vise korleis det er ynskjelig at rolla til Ungdommens fylkesting skal vere.
2.3	Verdiane til Ungdommens fylkesting skal vere gode verdiar som fortel kva som vert verdsatt av Ungdommens fylkesting. Verdiane skal beskrive sjølve kjernen i organet og korleis det skal arbeide.

Mål og tiltak

3.1	Ungdommens planprogram skal vere delt opp i fire ansvarsområder; utval for opplæring og helse, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for miljø og samferdsel og eigen organisasjon.
3.2	Del 2 av Ungdommens planprogram skal innehalde mål for perioden. Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ynskjer å oppnå.
3.3	Del 3 av Ungdommens planprogram skal innehalde tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden, slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden.

Notat:



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Notat

Dato: 25.04.2018
Arkivsak: 2014/560-305
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Ungdommens fylkesutval

Ungdommens planprogram 2018

Malene Kristine Meidell Alsaker, som er leiar for området opplæring og helse i Ungdommens fylkesutval, var i møtet til utval for opplæring og helse 17. april 2018 for å presentere Ungdommens fylkesutval og deira politikk for 2018. Dette vert presentert i Ungdommens planprogram 2018.

Ved ein inkurie vart det funne nokre feil i programmet som var trykt opp til utvalet sine medlemar. Etter avtale med møteleiar fekk Ungdommens fylkesutval moglegheit til å legge Ungdommens planprogram 2018 som ei referatsak til neste møte i utval for opplæring og helse.

Ungdommens planprogram 2018 finn de som vedlegg.



Ungdommens planprogram 2018

Vedteke av Ungdommens fylkesting 11.02.2018

OM RAPPORTEN

Ansvarleg eining: Ungdommens fylkesutval
Kontaktinformasjon: ungdommens.fylkesutval@hfk.no
11.02.2018

INNHALD

DEL 1: VISJON OG VERDIAR FOR UNGDOMMENS FYLKESTING	4
Visjon	4
Verdiar	4
DEL 2: MÅL FOR PERIODEN	5
DEL 3: TILTAK	1
Opplæring og helse	1
Kultur, idrett og regional utvikling.....	3
Miljø og samferdsel	4
Eigen organisasjon	5
DEL 4: UTDJUPINGSDOKUMENT TIL UNGDOMMENS PLANPROGRAM	7

Del 1: Visjon og verdiar for Ungdommens fylkesting

VISJON

Ungdom fører Hordaland vidare

VERDIAR



Involverande

Vi er bindeleddet mellom ungdom i Hordaland og fylkeskommunen. Vi fokuserer på eit godt samarbeid og aktiv inkludering av ungdom i politikken.



Framtidsretta

Vi ser framover og påverkar politikken i Hordaland til det beste for ungdom i framtida.



Slagkraftig

Vi kjempar hardt for at ungdom skal bli høyrd og få størst mogeleg påverknadskraft i fylkespolitikken.

Del 2: Mål for perioden

Opplæring og helse

UFT meiner..

1. Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.
2. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet /studiestaden.
3. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
4. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.
5. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
6. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
7. Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
8. Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
9. Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
10. Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
11. Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.
12. Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
13. Det er viktig å auke lærarane si digitale kompetanse slik at dei kan utdanne elevar som er klare til å møte eit digitalisert arbeidsliv.
14. Grensa for gyldig politisk fråværet skal aukast.
15. Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten

Kultur, idrett og regional utvikling

UFT meiner..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylkeskommunen får innspel frå ungdom sine perspektiv.
2. Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.

3. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
4. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
5. Arrangement tilpassa ungdom skal framhevas og forberast.
6. Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.

Miljø og samferdsel

UFT meiner..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
3. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
4. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.

Eigen organisasjon

UFT meiner..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
3. Det skal vere eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarande. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjer skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reel innflytelse.
4. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særst viktig.
5. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.

Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon, vurdering og forslag til tiltak for neste år.

Del 3: Tiltak

Denne delen av Ungdommens planprogram er tiltak. Den heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å opp- nå måla for perioden.

OPPLÆRING OG HELSE

UFT meiner at..

1.	Gratis skuleprinsippet er svært viktig, skule og utdanning skal vere gratis.
a.	UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
b.	UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekkja av grunnstipendet.
2.	Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.
a.	UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt tilbod for ungdom i vidaregåande opplæring, med særskilt fokus på at distriktskulane skal bestå.
3.	Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
a.	UFU skal arbeide for at fleire tilbod som Hyssingen Produksjonsskule vert oppretta.
4.	Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.
a.	UFU skal arbeide for at endringar i klinikkstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.
5.	Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom.
a.	UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide for meir berekraftig og sunnare mat i kantine ved vidaregåande skuler i Hordaland.
b.	UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kjem på rullering.
c.	UFU skal oppmode til at behovet for alternativ mat ved dei vidaregåande skulane vert dekt.
6.	God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.
a.	UFU skal aktivt arbeide for at det skal gis fleire midlar til helsesøsterordninga, skulepsykologar, og miljøterapeutar. Det skal vere ein helsearbeidar tilgjengeleg på skulen kvar dag.
b.	UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøterapeut skal øyremerkast til førebyggjande tiltak.
c.	UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlege samtalar/presentasjonar for elevar der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eigen helse.
d.	UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, for eksempel ved å delta på Bergen Pride.
e.	UFU skal kontakta ungdomsrådet ved Haukeland Universitetssjukehus for å få innspel om korleis ein skal arbeida mot unge i psykisk vanskeleg situasjon.
f.	UFU skal arbeida for at det vert oppretta liknande ordningar som "Miljøgruppa" ved Slåtthaug vidaregåande, ved alle dei fylkeskommunale skulane. Yrkesfagskular skal vera mest prioritert.
g.	UFU skal følgje opp prosjektet snillsnakk med mobbeombodet i leiinga, for å førebyggje nettmobbing.
h.	UFU skal arbeide for at psykisk helse står sentralt i delar av den generelle læreplanen.
i.	UFU skal arbeide for at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland skal vere MOT-skular.

7.	Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.
a.	UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.
b.	UFU skal arbeida for at skulane skal tilby leksehjelp for å tilretteleggja for elevane.
c.	UFU skal jobbe for at dei vidaregåande skulane skal leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.
8.	Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast.
a.	UFU skal arbeide for meir seksualundervisning i den vidaregåande skule.
b.	UFU skal arbeide for ein meir omfattande seksualundervisning. Den skal vera haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legningar.
c.	UFU skal arbeida for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helse-søster eller anna helsefagleg personell.
d.	UFU skal arbeide for å promotere organisasjonar som arbeider for å betre seksualundervisninga i skulen.
e.	UFU skal arbeide for ei seksualundervisning der ein reflekterer over pornografiindustrien.
9.	Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.
a.	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.
b.	UFU skal arbeida for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.
c.	UFU skal arbeida for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skapa god integrering i skulen.
10.	Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.
a.	UFU skal arbeide for at det opprettast fleire lærlingplasser i Hordaland.
b.	UFU skal jobbe aktivt for at det informeres om de fremtidige jobbmoglegheitene innanfor hver enkelt yrkesfaglige linje.
c.	Lærlinger som ikke består svenneprøve/fagprøve skal likevel få et individuelt utformet kompetansebevis av arbeidsgiver for det utførte arbeidet.
d.	UFU skal jobbe for å utvikle tilbud om forsterket VG3 for elever uten lærlingplass.
e.	UFU skal være en aktiv pådriver for å utvikle et godt samarbeid med lærlingerådet
11.	Å samla elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for å skapa samarbeid og dialog på eit politisk nøytralt grunnlag.
a.	UFU bør arrangere ein elevkonferanse for representantar frå alle dei vidaregåande skulane i fylket med jamnlege mellomrom. Der skal ein fokusere på erfaringsutveksling mellom dei ulike skulane. Her får også UFU ein sjanse til å promotere seg og sin politikk.
12.	Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.
a.	UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.
b.	Utstyrsparken til dei vidaregåande skulene som tilbyr yrkesfag skal vere moderne og kunne simulere reelle arbeidssituasjonar og at utstyrsparkane ved skulene tilsvarer dei ein finn i arbeidslivet
13.	Det er viktig å auke lærarane si digitale kompetanse slik at dei kan utdanne elevar som er klare til å møte eit digitalisert arbeidsliv.
a.	IKT og digital kompetanse skal være en viktig del av lærerutdanningen.
b.	Fleire lærarar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.
c.	Det skal utvikles støtteordningar for investering i IKT og digital infrastruktur på vidaregåande skoler i Hordaland.

14.	Grensa for gyldig politisk fráværet skal aukast.
a.	UFU bør ta kontakt med aktuelle politikere for å kunne påverka grensa for politisk frávær.
15.	Ungdom i fylket skal ha ei sterk røyst i samfunnsdebatten
a.	UFU bør inngå eit samarbeid med Elevorganisasjonen for å drive erfaringsutveksling for å best sikre elevdemokratiet.

KULTUR, IDRETT OG REGIONAL UTVIKLING

UFT meiner at..

1.	Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.
a.	UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.
b.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.
c.	UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.
d.	UFU skal aktivt arbeide for å få hjartestartarar ved alle vidaregåande skular i Hordaland gjennom mel- lom anna dialog med Raude Krossen.
e.	UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggjande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar som Juvente i dei vidaregåande skulane.
f.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».
2.	Kulturtilbod og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.
a.	UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtilbod i den vidaregåande skulen.
b.	UFU skal samarbeide med fylkeskommunen om å utvide opningstider på museum i Hordaland.
c.	UFU skal arbeide for å oppretthalde tilbodet Bokbåten Epos i Hordaland.
d.	UFU skal oppretthalda samarbeidet med UKM.
e.	UFU skal opprette og oppretthalde eit god samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktiviteter og hendingar for ungdom.
3.	Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.
a.	UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlege bibliotek. Døme på eit slik tiltak er U-ROM på Bergen Offentlige bibliotek.
b.	UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.
c.	UFU skal arbeide for å utvide opningstider på fylkesbibliotek tilpassa ungdom.
4.	Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.
a.	UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.
b.	UFU skal arbeide for å oppretthalde posten i budsjettet til dette.
5.	Ungdom skal medverke i prosessen av utvikling av den nye regionen.
a.	UFU skal samarbeide med ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane om et nytt regionalt medverknadsorgan for ungdom.
b.	UFU skal komme med innspel om kva som er viktig for ungdom i den nye regionen.

MILJØ OG SAMFERDSEL

UFT meiner at..

1.	Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
a.	UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje overskrider 45% av prisen på periodeskys for vaksne per måned.
b.	UFU skal arbeide for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.
c.	UFU skal arbeide for likestilling av honnør og studentrabatt på all kollektivtransport i fylket
d.	UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny Skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.
e.	UFU skal arbeide for å senke nedre aldersgrense, og øke øvre aldersgrense på ungdomskortet.
f.	UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.
2.	Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
a.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.
b.	UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.
c.	UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.
3.	Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
a.	UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angående trafikksikring for ungdom.
b.	UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.
c.	UFU skal arbeide for at trafikksikring på E16 skal prioriterast.
d.	UFU skal arbeida med trafikksikring på fylkesveg 541, serleg strekninga før Langevåg fejekai.
e.	UFU skal arbeide for å redusere vedlikeholdsetterslepet på fylkesvegane, med hovudfokus på distrikta.
f.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for trafikksikring av alle skulevegar.
g.	UFU skal arbeide for løysingar som undergangen ved Knarvik vidaregåande.
h.	UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktsbelte på alle bussane i Hordaland.
i.	UFU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke belte på buss.
4.	Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.
a.	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.
b.	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.
c.	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særleg fokus på vidaregåande skular
d.	UFU skal arbeide for kjøttfri-måndag ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland
e.	UFU skal arbeide for fleire elbil-ladestasjonar ved fylkeskommunale bygg
f.	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskilt vidaregåande skular.
g.	UFU skal bidra og arbeide for papir og plastreduksjon i fylkeskommunen.
h.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.
i.	UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.
j.	UFU skal arbeide for ein betre miljøsertifiseringsordning på vidaregåande skule enn miljøfyrtårn.
k.	UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.

- I. UFU skal vera ein aktiv pådrivar for utbygging av hydrogenstasjonar i fylket.

EIGEN ORGANISASJON

UFT meiner at..

1.	Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
a.	UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.
b.	UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring- og helse og utval for miljø og samferdsel.
c.	UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.
d.	UFU bør sende representantar på dei ulike partia sine gruppemøte når der er oppe saker som er aktuelle for UFU.

2.	Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
a.	UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
b.	UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommu nestyre.
c.	UFU skal ta seg tid til å reise til kommunar utan ungdomsråd for å hjelpe til i oppstartfasen. Kommunane skal vere informerte om denne moglegheita.
d.	UFU skal oppmode kommunar utan ungdomsråd til å ta del i årlige arrangement som UFT og nettverksamling.
e.	UFU skal oppfordre elevråda til å arbeida for ei seksualundervisning med fokus på grensesetjing og handlingsskapande undervisning allereie i grunnskulen.

3.	Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.
a.	UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.
b.	UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.
c.	UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt ungdomsråd.
d.	UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.

4.	Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.
a.	UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.
b.	UFU skal leggje ut minimum fire saker i månaden på Facebook eller Instagram .
c.	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.
d.	UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av 2017.
e.	UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
f.	UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2017.
g.	UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.
h.	UFU skal vere i tett dialog med interesseorganisasjonar for ungdom, for å styrke sakane våre, samt få nye perspektiv.

5.	Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særs viktig.
a.	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.
b.	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdoms- råd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.
c.	UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.

Del 4: Utdjupingsdokument til Ungdommens planprogram

Formål

1.1	Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sitt øvste politiske dokument. Ungdommens planprogram inneheld sakane Ungdommens fylkesutval skal arbeide med det komande året etter at det er vedteke.
1.2	Oppstår det konflikt mellom Ungdommens planprogram og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval, gjelder Ungdommens planprogram som Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval sin politikk. Dette er i samsvar med vedtektene til Ungdommens fylkesting.


Visjon og verdier

2.1	Del 1 av Ungdommens planprogram skal innehalde visjon og verdier for Ungdommens fylkesting.
2.2	Visjonen for Ungdommens fylkesting skal vere framtidsretta og vise korleis det er ynskjelig at rolla til Ungdommens fylkesting skal vere.
2.3	Verdiane til Ungdommens fylkesting skal vere gode verdier som fortel kva som vert verdsatt av Ungdommens fylkesting. Verdiane skal beskrive sjølve kjernen i organet og korleis det skal arbeide.

Mål og tiltak

3.1	Ungdommens planprogram skal vere delt opp i fire ansvarsområder; utval for opplæring og helse, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for miljø og samferdsel og eigen organisasjon.
3.2	Del 2 av Ungdommens planprogram skal innehalde mål for perioden. Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ynskjer å oppnå.
3.3	Del 3 av Ungdommens planprogram skal innehalde tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden, slik at alle tiltaka er underlagt eit mål. Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden.

Notat:



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Notat

Dato: 09.04.2018
Arkivsak: 2018/10200-1
Saksbehandlar: torruti

Til:	Yrkesopplæringsnemnda Ungdommens fylkesutval Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmann

Rapport frå elev- og lærlingombodet 2017

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Årsrapporteringa vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet dette året.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og læreandidatar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

I året som har gått har ombodet arbeidd ut frå stillingsinstruks. I desember 2017 vedtok fylkestinget at det skal utarbeidast eit mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget.

Vedlegg

- 1 Årsrapport frå elev- og lærlingombodet 2017 - rapport



Mars 2018. Rapport 1

Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland

Årsrapport 2017

OM RAPPORTEN

Stab – Økonomi- og organisasjonsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
Elev- og lærlingombodet i Hordaland,
Sigrid Isdal, e-post: sigrid.isdal@hfk.no
www.hordaland.no/elev-og-larlingombod

27/03.18. Versjon nr. 1

INNHold

FORORD	4
Innleiing	5
Prioriterte arbeidsområde i 2017	5
Elev- og lærlingombodet sine samla anbefalingar	5
Førespurnader	6
Oversikt over førespurnader i 2017	6
Førespurnader frå elevar	7
Kommentarar:	7
Førespurnader frå lærlingar og lære kandidat ar	8
Kommentarar	9
Medverknad og lærlingråd	11
Elev- og lærlingombodet anbefaler:	11
Informasjonsarbeid	12
Webside og Facebook	12
Informasjonsmøte/innlegg på samlingar	12
Oversikt over elev- og lærlingombodet sitt informasjonsarbeid 2017	13
Vidare arbeid	13
Elevrådsarbeid og elevmedverknad	14
Elevmedverknad	14
Utfordringar framover når det gjeld elevrådsarbeid	15
Skulemiljøkonferansen	16
Elev- og lærlingombodet anbefaler	16
Samarbeid	16
Samarbeid med mobbeombodet	16
Samarbeid med Elevorganisasjonen	16
Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune	16
Samarbeid med elev- og lærlingomboda i Norge -ELON	17
Vidare arbeid	17
Diverse	17
Høyringar	17
Ung.no	17

Forord

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Årsrapporteringa vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet dette året.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lære kandidatlar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

I året som har gått har ombodet arbeidd ut frå stillingsinstruks. I desember 2017 vedtok fylkestinget at det skal utarbeidast eit mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget.

Den første tida i stillinga som elev- og lærlingombod gjekk med til å gjere seg betre kjent med det fylkeskommunale opplæringstilbodet, rolla som ombod, samt å få på plass informasjonskanalar for ombodet. Samarbeid, gode råd og ein unik delingskultur blant dei andre elev- og lærlingomboda i Norge (ELON) har vore til uvurderleg hjelp i oppstarten med å etablere ordninga med elev- og lærlingombod i Hordaland. Våren og hausten 2017 har eg brukt mykje tid på å gjere ombodsrolla kjent i Hordaland ved å besøke skular, og då spesielt elevråda ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Eg har også fått moglegheit til å informere interne aktørar og samarbeidspartar om rolla som elev- og lærlingombod. Ved desse besøka har eg alltid vorte godt tatt imot.

Ombodet sitt generelle inntrykk er at elevar og lærlingar stort sett har det bra og er godt nøgde med opplæringa dei får. I rolla som ombod arbeider ein ofte med utgangspunkt i at det er tilhøve der elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, er misnøgd med noko, eller meiner at lovar og retningsliner ikkje er følgt. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka ut frå reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Hordaland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga.

Arbeidet som ombodet gjer, er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Eg har fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar med elevar og lærlingar. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet, i skulane og ute i lærebedriftene.

God lesing

Helsing elev- og lærlingombodet



INNLEIING

Fylkestinget vedtok å opprette stilling som elev- og lærlingombod i Hordaland i mai 2016, og i januar 2017 var elev- og lærlingombodet på plass i stillinga. Dette er fylkeskommunen sitt ombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. I Hordaland for skuleåret 2016/2017 var det omlag 16317 elevar og 4408 lærlingar. (*Kvalitetsmelding 2017*)

Elev- og lærlingombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrkje fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivareteke rettane sine. Ombodet skal særleg samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad, og at dei som arbeidar innan vidaregåande opplæring ikkje forsømmer sine plikter. Ombodsordninga er meint å vere eit lågterskeltilbod, og ombodet har teieplikt. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» for å fortelje kva som er rett i høve til gjeldande reglar eller lovverk når det gjeld opplæringa. Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølve kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med næraste overordna. Målet er å løyse utfordringar og problem på eit rett og lågast mogleg nivå, men samstundes belyse eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk.

Prioriterte arbeidsområde i 2017

- Vera tilgjengeleg for elevar og lærlingar, og svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp i enkeltsaker og gi rettleiing.
- Informasjonsarbeid
- Gjere seg kjent i organisasjonen og legge til rette for eit godt samarbeid med dei ulike partane i vidaregåande opplæring.
- «Elevrådsturne» saman med mobbeombodet og Elevorganisasjonen.

I 2017 har stillinga som elev- og lærlingombod vore lagt til opplæringsavdelinga, seksjon skule. Frå 01.01.18 er elev- og lærlingombodet plassert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Elev- og lærlingombodet sine samla anbefalingar

Her følgjer ei oppsummering av anbefalingane frå elev- og lærlingombodet i Hordaland. Anbefalingane er gjevne med bakgrunn i førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med partar i vidaregåande opplæring, samt erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med lærlingar.

- Betre og meir informasjon ut til lærlingar og lærebedrifter om lærlingar sin rett til å søke hjelp frå PPT.
- Fylkeskommunen må ta ei tydelegare rolle når lærebedrifter ikkje følgjer pliktene sine. Lærlingar som melder frå om utfordringar i læretida må i større grad verte følgt opp i samband med at fylkeskommunen også følgjer opp lærebedrifta.
- Det bør utarbeidast ei rutine for å følgje opp alle lærlingar på ein systematisk måte.
- Varslingar/tilbakemeldingar frå lærlingar (også anonyme) som gjeld manglande opplæring/dårleg læremiljø i lærebedrifter må registrerast, systematiserast og undersøkast av fagopplæringskontoret.
- Lærekontrakt bør ikkje godkjennast av fylkeskommunen før signert arbeidsavtale ligg ved.
- Fylkeskommunen må sikre at lovpålagt skulemiljøutval (opplæringslova § 11-5a) vert oppretta og gjennomført på alle offentlege vidaregåande skular.

FØRESPURNADER

Sidan januar 2017 har det komme inn jamt med førespurnader frå elevar, lærlingar, føresette og andre aktørar innan vidaregåande opplæring. Ombodet har registrert 103 førespurnader første året som ombod. 28 av førespurnadene gjeld elevar og 75 av førespurnadane gjeld lærlingar.

Elevane og lærlingane tar ofte sjølv kontakt med ombodet, men det hender at foreldre/andre tar kontakt på vegne av elevar/lærlingar. Når ikkje eleven eller lærlingen sjølv tar kontakt, vert det gjeve informasjon på generelt grunnlag. Ved spørsmål om møte, vert det satt av tid snarast mogleg til dette.


Førespurnadane er varierte og gjeld både spørsmål om rettar og plikter knytt til Opplæringsloven, Arbeidsmiljøloven og korleis nå fram/finne fram i systemet. Ved førespurnad til ombodet, får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sine sjølv, med informasjon om at ombodet kan vere ein vidare støtte om ønskeleg. Dette kan eksempelvis vere ein lærling som ber om råd før og etter eit møte med lærebedrift. I slike tilfelle ber ombodet gjerne om ei oppdatering, slik at det skal vere enkelt å ta kontakt igjen dersom ikkje utfordringane vert løyst. Ombodet svarar på telefon, e-post, eller via melding på Facebook eller i møte. Sjølv om elevar eller lærlingar tar kontakt fleire gongar ang same sak, vert det berre registrert som ein førespurnad. I fleire av desse sakene er ikkje alltid lærebedrift/opplæringskontor eller skule informert om at ombodet har vorte kontakta, då det ikkje er eit ynskje frå eleven eller lærlingen.

Enkelte førespurnader er meir omfattande og går over lang tid med fleire samtalar/møter der ombodet også får fullmakt til å innhente nødvendig informasjon frå seksjonar i opplæringsavdelinga, skular eller lærebedrift/opplæringskontor. I desse førespurnadene vert rollen til ombodet meir synleg. Ombodet har også vore med som støtte i møter og hjelpt til med å utforme klager/brev. Det er førespurnader som omhandlar opplæring i bedrift, og då spesielt spørsmål som omhandlar heving av lærekontrakt, som har vore mest tidkrevjande og omfattande.

I tillegg til registrerte førespurnader får også ombodet ei rekke spørsmål ute på skulebesøk, på elevrådssamlingar og lærlingsamlingar. Desse spørsmåla vert ikkje registrert som førespurnader. Det er gledeleg å sjå at interne og eksterne samarbeidspartnarar også viser til elev- og lærlingombodet når det dukkar opp utfordringar eller spørsmål frå elevar og lærlingar.

Oversikt over førespurnader i 2017

Gjeld	Mengd førespurnader
Lærlingar/lære kandidat	75
Elevar	28
Sum	103




Førespurnader frå elevar

Hovudtema	Tema	Føre-spurnader	Eksempel på problematikk
Opplæring (16)	Finne fram i systemet, fagval og tilbud	2	Eg søker råd? Kven kan eg snakke med?
	Bytte av skule/fag	3	Er det mogleg å bytte skule ved mobbing/mistrivnad?
	Undervisning	3	Opplæringa er ikkje i tråd med læreplanen. Eg får ikkje undervisninga eg har krav på.
	Tilpassa opplæring, spesialundervisning og særskilt språkopplæring	5	Har ein diagnose/sjukdom, men får ikkje tilpassa opplæring.
	VG3 opplæring i skule	1	Kva undervisning har eg krav på?
	Innsøking i VIGO	1	Korleis skal eg søke i VIGO som lærekandidat?
	Elevmedverknad	1	Meir informasjon om dette.
Vurdering (5)	Regelverk prøver/eksamen	3	Er det lov å ha prøve som inneheldt pensum for alle 3 år?
	Eksamen/karakter	2	Korleis vert faget YFF vurdert?
Anna (7)	Fråvær	2	Gjeld fråværgrensa når eg er elev men går i eit TAF løp?
	Elev PC	1	Rett på ny PC ved omval?
	Ta opp vanskelige tema med lærar	2	Upassande oppførsel frå lærar.
	Ordensreglement	1	Russetid og ordensreglementet.
	Utvisning	1	Kva er reglane ved utvisning? Har skulen gjort rett?
SUM 28		28	

Kommentarar:

Det har vore stor variasjon i førespurnadane frå elevar, og det er difor ikkje slik at ombodet kan sjå klare tendensar i saker frå 2017 som omhandlar elevar. Flest førespurnader kom det innan tema tilpassa opplæring og spesialundervisning.



Førespurnader frå lærlingar og lære kandidatlar

Hovudtema	Tema	Førespurnader	Eksempel på problematikk
Fagprøve/ sveineprøve/ vitnemål (8)	Utskriving av vitnemål/fagbrev	1	Har tatt studiespesialiserande som privatist og fagprøve, men får ikkje ut vitnemål før læretida er fullført.
	Finne fram i systemet	5	Korleis skal eg gå fram for å få fagbrev/sveinebrev? Kva rett har eg?
	Oppmelding til fagprøve/eksamen – fritak fag	2	Eg er ikkje meldt opp til fagprøve fordi eg manglar fag, korleis går eg fram? Har eg rett på fritak?
Økonomi (4)	Lån/stipend	2	Lav løn. Har eg rett på lån/stipend?
	«Lærlingbevis» rabattordning	2	Er det rabattordning på buss for lærlingar?
Moglegheiter innanfor vidaregåande opplæring (12)	Rett til læreplass/manglande læreplass	4	Har ikkje fått læreplass. Kva rett har eg?
	Forlenging/forkorting av læretid	4	Kan eg forkorte læretida om eg ikkje tar ut ferie?
	Ulike vegar til fagbrev	4	Korleis går eg fram om eg ynskjer «full opplæring i bedrift»?
Arbeidsmiljølova og arbeidsavtale (14)	Arbeidsavtale, løn	11	Manglande arbeidsavtale? Korleis går eg fram?
	Overtidsbetaling/ arbeidstid	3	Kor lenge har lærlingar lov å arbeide?
Avbrot, fare for avbrot i læretida (15)	Spørsmål/bistand rundt heving av lærekontrakt	10	Korleis går eg fram ved heving? Kva gjer eg når bedrifta vil heve kontrakten min? Eg blir tvinga til å slutte.
	Bytte læreplass/lærefag	3	Omplassering/bytte i medlemsbedrifter under opplæringskontor.
	Spørsmål om rett ved konkurs/permittering	2	Kva rettar har lærlingar ved permittering?
Arbeidsmiljø (11)	Sjukemelding/avbrot i læretida	3	Kor lenge kan eg vera sjukmeldt i læretida? Har eg rett på tilrettelegging?
	Konflikt på arbeidsplass/trives ikkje på arbeid	7	Kva plikter bedrifta å gjere ved konflikt? Korleis skal eg gå fram på rett måte?
	HMS	1	Skadeleg luft på arbeidsplass.
Opplæring og arbeidsoppgåver (11)	Manglande opplæring/oppfølging/ tilbakemelding frå opplæringskontor eller lærebedrift	6	Kva plikter har eit opplæringskontor? Korleis går eg fram når eg ikkje får opplæring?
	Opplæring utanom arbeidstid	1	Skal opplæring gå føre seg i fritida?
	«Gratisprinsippet»	2	Skal lærlingen betale for eige utstyr og kurs?
	Arbeide åleine/ Bruk av lærling som vikar	2	Kan arbeidsplassen bruke lærlingen som vikar?
SUM 75		75	

Kommentarar

Ombodet har fått mange førespurnader som omhandlar heving av lærekontrakt, og då spesielt spørsmål i høve til kva som er rett framgangsmåte når berre ein av partane ynskjer heving. Lærlingane venter ofte for lenge før dei søker hjelp, og tar ofte ikkje kontakt før det går mot heving.

Lærlingane kan i enkelte tilfelle også vere engstelege for represalier ved tilbakemelding om mobbing/trakassering, konflikhtar, dårleg læremiljø eller manglande opplæring. Lang og omfattande saksbehandling i fylkeskommunen ved påstand om manglande opplæring eller dårleg læremiljø, gjer også at enkelte lærlingar heller vel å bytte lærebedrift framfor å melde frå. Fleire lærlingar søker råd i høve til å finne seg ny lærebedrift, og ender opp med å heve lærekontrakten ved semje med lærebedrifta. Dårlig læremiljø og manglande opplæring, blir difor ofte ikkje registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for heving av lærekontrakt. I neste omgang tar lærebedrift inn ny lærling, og historia kan gjenta seg.

I fleire av sakene ombodet har vorte kjent med, har lærebedrifta hatt ynskje om heving av lærekontrakt på bakgrunn av at dei meiner at lærlingen har gjort seg skuldig i brot på pliktene i arbeidstilhøvet. Lærlingen er ofte usikker på kva rett dei har i slike tilfelle, og tar difor kontakt med ombodet.

Det kan også dukke opp utfordringar i læretida som gjer at lærlingen i ein periode kan ha behov for tilrettelegging.

Tilretteleggingsplikta som bedrifta har for andre tilsette, gjeld også for lærlingar. Ombodet har hatt fokus på at lærebedrifter må sjå på moglegheiter for tilrettelegging, før det vert sendt ein eventuell søknad om heving.

Lærlingane stiller gjerne lite spørsmål i slike saker som nemnd over, og er i første omgang ofte samd når bedrifta kjem med forslag om å heve kontrakten. Spørsmåla kjem gjerne i etterkant når lærlingane alt har signert på at dei er samde om å heve kontrakten.



Ombodet registrer at lærlingar og lærebedrifter ikkje kjenner godt nok til at lærlingar også kan ha rett til oppfølging av PPT på bakgrunn av diagnose eller andre utfordringar. Fleire lærebedrifter, i samarbeid med lærling, kunne hatt behov for rettleiing av PPT i høve til utfordringar knytt til opplæringa i bedrift.

Fleire tidlegare lærlingar har behov for å fortelje om opplevingar av eit dårleg læremiljø i tidlegare lærebedrift, med ynskje om at kommande lærlingar ikkje skal oppleve det same. Ei utfordring har vore at mange av desse personane har eit ynskje om å vere anonym, og det har ikkje vore eit fungerande system for å registrere tilbakemeldingar til fagopplæringskontoret om bedrifter som ikkje har følgd pliktene sine som lærebedrift. Fleire lærlingar og tidlegare lærlingar har funne mot til å seie ifrå om manglar i deira vidaregåande opplæring, og denne informasjonen må takast på alvor. Det må vera kanalar for å varsle om manglande opplæring og dårleg læremiljø, også anonymt. Informasjonen bør registrerast, systematiserast og undersøkast, for så å og ta den med i det vidare arbeidet med å sikre alle lærlingar eit godt læremiljø.

Det har også vore tilfelle der lærlingane er redd for at lærebedrifta skal gå konkurs dersom dei ikkje bidrar ekstra. I nokre tilfelle har dette ført til at lærlingane tar på seg eit ansvar som lærlingar ikkje skal ha. Eksempelvis ikkje tar ferie, seier ja til å arbeide for mykje overtid, samt finn seg i manglande tid til opplæring for å bidra til at produksjonen skal gå rundt.

Ombodet har også fått kjennskap til saker der lærlingen har godkjent lærekontrakt med opplæringskontor, men har arbeidsavtale med medlemsbedrift i opplæringskontoret. Det er tilfelle der opplæringskontoret har søkt om heving av lærekontrakt på bakgrunn av opplæringsloven § 4-6. I dei tilfella der lærlingen har fått medhald og lærekontrakten ikkje har vorte heva, har lærlingen likevel endt opp som den tapande part. Medlemsbedrifta har sagt opp arbeidskontrakten med lærlingen, og lærlingen står då igjen med ein lærekontrakt med opplæringskontoret, men ingen bedrift å arbeide i.



Det er uklart for ombodet i kor stor grad eit opplæringskontor pliktar å finne ny lære plass til lærlingen. Opplæringskontora har ulike vedtekter og ulike samarbeidsavtaler med sine medlemsbedrifter. Dersom opplæringskontoret har få lære plassar innanfor gjeldande fagområde er det også vanskeleg å omplassere lærlingen.

Med bakgrunn i nokre av dei historiene eg har fått frå lærlingar siste året, er eg som ombod uroa for at vi har ei underrapportering av bedrifter som ikkje følgjer pliktene sine som lærebedrifter. Etersom fylkeskommunen ikkje gjennomfører årlege bedriftsbesøk i alle lærebedrifter, og heller ikkje har ein innarbeidd rutine som sikrar at alle lærebedrifter rapporterer årleg til fylkeskommunen om oppfølging av lærlingar (opplæringsloven §4-7) kan det sjå ut som slike tilhøve ikkje vert avdekt med mindre lærlingen sjølv melder frå.

Det kan sjå ut som fleire lærebedrifter har eit behov for ytterlegare rettleiing i høve til lærlingar og dei krav som stillast i opplæringsloven. I «Lærebedriftsundersøkinga» (2017-2018) svarar lærebedriftene i Hordaland følgjande når det gjeld kvalitetssikring og behov for rettleiing:

Kvalitetssikring og behov for oppfølging

	Helt uenig	Nokså uenig	Verken enig eller uenig	Nokså enig	Helt enig
bedriften/virksomheten kvalitetssikrer jevnlig at opplæringen er i samsvar med lov og forskrift	0,9%	3,5%	17,9%	44,3%	33,4%
bedriften/virksomheten har behov for veiledning i forhold til de krav som stilles i Opplæringsloven med forskrifter?	6,7%	14,0%	33,7%	30,8%	14,8%

30,8 % svarar at dei er nokså samd i at bedrifta har behov for rettleiing i høve til krava som vert stilt i opplæringslova. 14,8 % svarar at dei er heilt samd med at dei har behov for rettleiing.

Samstundes er eit av spørsmåla i *Lærlingundersøkinga* 2017-2018 retta mot elevane sin rett til halvårssamtale jamfør forskrift til opplæringsloven § 3-11, «*Hvor ofte har du planlagte samtaler med instruktør/veileder, faglig leder eller andre hvor dere går igjennom opplæringsplan*». Heile 12 % av lærlingane svarer at dei aldri har hatt halvårssamtalar. Samla score viser 2,9, av 5. Dette er noko lavt.

Dersom det er lærebedrifta som er skuld i å ikkje gjennomføre pliktene sine som lærebedrift får dette få eller ingen konsekvensar for lærebedrifta. Ombodet har ikkje kjennskap til at det er lærebedrifter/opplæringskontor i Hordaland som har mista godkjenning som lærebedrift på bakgrunn av brot på pliktene sine. Konsekvensane av manglande oppfølging og opplæring av lærling kan i enkelte tilfelle vera at lærlingen ikkje klarar å gjennomføre læretida, eller ikkje står på avsluttande fagprøve. *Lærlingundersøkinga* viser at det i 2017 var 386 lærlingar (12 %) som ikkje bestod fagprøven.

Ein lærling skal ha både lærekontrakt og arbeidsavtale, men fylkeskommunen v/fagopplæringskontoret er ikkje ein part når det gjeld arbeidsavtalen. Erfaringa til ombodet viser at ein del lærlingar manglar arbeidsavtale, eller ikkje har kjennskap til arbeidsavtalen sin. Ikkje alle lærebedrifter er knytt opp mot tariffavtaler, og ikkje alle lærlingar er fagorganiserte. I slike tilfelle tar lærlingar og foreldre ofte kontakt med ombodet for å få råd. Det er ulik lønn frå bedrift til bedrift og frå bransje til bransje. Store skilnader fører til mange spørsmål. Det er også ein del spørsmål rundt rett til ferie og arbeidstid. I dei tilfella der arbeidskontrakt manglar, vert det etter samtale med lærling også avdekka fleire andre brot på lovverk eller manglar i opplæringa. Eksempelvis manglande intern opplæringsplan, manglande tilbakemelding på utført arbeid og manglande halvårsvurdering.

Medverknad og lærlingråd

Elev- og lærlingombodet er positiv til etablering av lærlingråd i Hordaland. Medverknad står sentralt i opplæringsloven, men slik systemet er i dag, blir lærlingane si stemme i alt for liten grad høyr. Det er også store skilnader frå lærebedrift til lærebedrift, både når det gjeld store/små bedrifter og frå bransje til bransje. Det er viktig at lærlingar frå ulike bransjar kan få uttale seg i saker som omhandlar vidaregåande opplæring.

Elev- og lærlingombodet anbefaler:

- Betre og meir informasjon ut til lærlingar og lærebedrifter om lærlingar sin rett til å søke hjelp frå PPT.
- Fylkeskommunen må ta ei tydelegare rolle når lærebedrifter ikkje følgjer pliktene sine. Lærlingar som melder frå om utfordringar i læretida må i større grad verte følgt opp i samband med at fylkeskommunen også følgjer opp lærebedrifta.
- Det bør utarbeidast ei rutine for å følgje opp alle lærlingar på ein systematisk måte.
- Varslingar/tilbakemeldingar frå lærlingar (også anonyme) som gjeld manglande opplæring/dårleg læremiljø i lærebedrifter må registrerast, systematiserast og undersøkast av fagopplæringskontoret.
- Lærekontrakt bør ikkje godkjennast av fylkeskommunen før signert arbeidsavtale ligg ved.

INFORMASJONSARBEID

Ei av hovudarbeidsoppgåvene til ombodet er å arbeide med å gjere ombodsrollen kjent for elevar og lærlingar, i opplæringsavdelinga og på skular og i lærebedrifter. Informasjon om elevar og lærlingar sine rettar og plikter er også sentralt.

Webside og Facebook

Det har vorte oppretta nettside for elev- og lærlingombodet på <https://www.hordaland.no/elev-og-larlingombod>. På denne sida finn ein informasjon om ombodet si rolle og arbeidsoppgåver, samt kontaktinformasjon. Det er også oppretta eiga facebookside «Elev- og lærlingombodet i Hordaland». Det er gledeleg å sjå at elevar og lærlingar tar kontakt på sida ved å sende meldingar, sjølv om dei ikkje nødvendigvis følgjer sida. Ombodet bruker også sida til å legge ut relevant informasjon som gjeld vidaregåande opplæring, og oppdateringar/nyheiter som ombodet er opptatt av. Det er utarbeidd «flyers» både i plakatform og i A4-format som vert lagt ved godkjente lærekontraktar. Desse vert også delt ut på den årlege opplæringskonferansen for opplæringskontor og store lærebedrifter. Digital utgåve av «flyers» er også sendt ut til ein del skular/elevinspektør for visning på informasjonskjermar. Det er også laga visittkort med kontaktinformasjon til ombodet.

Informasjonsmøte/innlegg på samlingar

Elev- og lærlingombodet har brukt mykje tid hausten 2017 på å besøke elevråda på dei vidaregåande skulane i Hordaland. Skulane er ansvarlege for opplæring av elevråda, og dette har vore eit tilbod til skulane i høve til informasjon/innlegg om elevrådsarbeid. Besøka har vorte gjennomført i samarbeid med

Elevorganisasjonen og mobbeombodet. Dette har vore ein fin måte å komme i kontakt med elevane på. I samband med desse samlingane har det også vore eit ynskje å få treffe tilsette/leiargruppa for å fortelje om ombodet sin rolle. I år har desse møta vorte gjort i tett samarbeid med mobbeombodet, der informasjon om nye kapittel 9 A i opplæringsloven også har vore sentralt.



Ombodet har også vorte invitert inn på vidaregåande skular, spesielt for elevar på yrkesfag, for å snakke om rettar og plikter i læretida. Ombodet har i tillegg vore til stades på samlingar for nye lærlingar i regi av opplæringskontor og større lærebedrifter.

Utanom å informera om rolla som elev- og lærlingombod har prioriterte arbeidsområde når det gjeld informasjon vore:

- Informere/informasjon til Vg-2 elevar på yrkesfag om læretid, søknadsprosess for å få lære plass og retter og plikter i læretida.
- Informasjonsmøte for nye lærlingar/oppstartmøte for nye lærlingar (i samarbeid med bedrifter og opplæringskontor) Tema: Rettar og plikter som lærling.
- Skuleturné/Elevrådsturné saman med Mobbeombodet og Elevorganisasjonen. Tema: elevmedverknad, elevrådsarbeid, rolle og rollekonflikt, og informasjon om rettar og plikter som elev/tillitselev, mobbing, nye opplæringsloven kapittel 9 A.

Oversikt over elev- og lærlingombodet sitt informasjonsarbeid 2017

Tema	Dato for besøk hjå skule/ opplæringskontor/bedrift/andre:	I samarbeid med:
<p>«Elevrådsturne» - Besøke elevråda på flest mogleg fylkeskommunale vidaregåande skular i Hordaland.</p> <p>Tema: Rolla som ombod, elevmedverknad, elevrådsarbeid, retter og plikter som elev, roller og rollekonflikt, + Introduksjon av ombodet for dei tilsette/leinga ved enkelte av skulane*.</p>	<p>06.09. Bømlo vgs 07.09. Austrheim vgs* 12.09. Austevoll vgs 13.09. Voss gymnas 19.09. Bergen Katedralskule 20.09. Askøy vgs 21.09. Åsane vgs* 26.09. Slåtthaug vgs 03.10. Amalie Skram vgs 04.10. Nye Voss vgs 18.10. Odda vgs 19.10. U-Phil vgs 31.10. Nordahl Grieg vgs 01.11. Knarvik vgs 06.11. Stend vgs 13.11. Sandsli vgs 15.11. Sotra vgs (+ Bildøy) 29.11. Stord vgs * 06.12. Bergen maritime vgs* 07.12. Årstad vgs</p>	<p>Mobbeombodet, Elevorganisasjonen, elevinspektørar ved vidaregåande skular</p>
<p>Informasjon om rollen som elev- og lærlingombod.</p>	<p>17.01. Øystese vgs 24.01. Rådgevarsamling region Bergen 24.02. Konferanse for opplæringskontor 15.03. Hovudtillitsvalte oppl. avd. HFK 27.03. Kvinnherad vgs 29.03. Rektorsamling 04.04. Rådgevarsamling region Voss/Hardanger 03.04. PPT - tilsette 24.04. PPT - tilsette 26.04. Fagdag for elevinspektørar 05.05. Ungdommens fylkesutval 10.05. Ungdomskoordinatorar NAV Nordhordland 28.09. Skulemiljøkonferansen 17.10. Utval for opplæring og helse</p>	<p>Mobbeombodet, Fagopplæringskontoret, Karriere Hordaland, regionsleiarane skule, leiar avd. skule, leiar OT.</p>
<p>Diverse informasjon om: Lærling, læretid, rettar og plikter, HMS og rolla til elev- og lærlingombodet.</p>	<p>30.03. Odda vgs + Fagforbundet Odda 03.04. Osterøy vgs Vg2 Barne- og ungdom 31.05. Krokeidet vgs Vg2- Yrkesfag 26.06. Opplæringskontoret på Austevoll 21.08. UiB - Informasjon til nye lærlingar 22.08. Stord kommune –nye lærlingar 23.08. HFK- informasjon til nye lærlingar 29.08. Bergen kommune - nye lærlingar 11.09. Osterøy vgs – Vg2 yrkesfag 29.09. NAV-Ungdomsnettverk 06.10. BYGGOPP – nye lærlingar 10.10. Opplæringskontoret i Hardanger – informasjon til nye lærlingar</p>	<p>Mobbeombodet, Fagopplæringskontoret, diverse vidaregåande skular, Fagforbundet, diverse opplæringskontor, diverse lærebedrifter, NAV.</p>

Vidare arbeid

Ombodet har eit ynskje om å bruka meir tid på å nå ut med informasjon til elevar på Vg2 yrkesfag om overgangen frå elev til lærling, arbeidslivet sine reglar, samt rettar og plikter i høve til læretid.

Det er også eit ynskje å få kontaktinformasjonen til elev- og lærlingombodet ut på dei lokale nettsidene til alle vidaregåande skular. Ombodet vil også vurdere andre sosiale medium for å nå ut til fleire elevar- og lærlingar.

ELEVRÅDSARBEID OG ELEVMEDVERKNAD

I 2017 har elev- og lærlingombodet besøkt 20 elevråd. Det er eit ynskje å fortsette å gi tilbud om å besøke elevråda i kommande skuleår. Besøka i 2017 var lagt opp som eit tilbud om ei 4 timars økt i samarbeid med mobbeombodet og EO, også kalla «Elevrådsturne». Det vart brukt både aktivitetar, førelesning, dialog og drøfting i gruppe i møta med elevråda. Deltaking, aktivitet, dialog og god kommunikasjon er viktig for god læring og trivsel.

Elevmedverknad

Elev- og lærlingombodet har brukt mykje tid på temaet elevmedverknad i møte med elevråda, og kvifor elevmedverknad er viktig. Målet er å gjere den enkelte bevisst på at dei kan gjere ein positiv skilnad både i høve til sin eigen og andre sin skulekvardag, gjere tillitsvalte meir bevisste på kva moglegheiter dei har på dette området, samt utvikle forståinga av at medverknad er viktig for kunne meistre arbeidsliv og fellesskap i samfunnet.



Ungdommens fylkesutval og elev- og lærlingombodet.

Elevundersøkinga 2017-2018 viser at elevane gir ein score på 3,4 av 5 når det gjeld elevdemokrati og medverknad. Dette er noko lavt. På spørsmål: «*Er dere elever med på å foreslå hvordan dere skal arbeide med fagene*» ligg scoren på 3,1 av i alt 5.

På spørsmål: «*Legger lærerne til rette for at dere elever kan delta i elevrådsarbeid og annet arbeid som tillitsvalgt.*» er scoren på 3,7 av 5. 15,5 % av elevane meiner sjeldan eller aldri.

Samla score på spørsmålet «*Hører skolen på elevenes forslag?*» er 3,3 av 5. Sjå svarfordelinga under:

Elevdemokrati og medvirkning

	Svært ofte eller alltid	Oft	Av og til	Sjelden	Aldri
Hører skolen på elevenes forslag?	10,9%	30,9%	42,8%	12,1%	3,4%

Ombodet fokuserer også på kva roller den enkelte har som medlem av elevrådet og som tillitselev, leirollen og at rolleavklaring er viktig i høve til korleis å gjere ein god jobb for sine medelevar. Målsetting har vore å skape engasjement i høve til eit godt skulemiljø, samt fokus på korleis elevane på ein konstruktiv og god måte kan ta opp utfordringar på skulen eller i undervisninga. Prinsippet om at ein skal prøve å løyse eit problem på lågast mulig nivå vert signalisert ut.

Opplæringslova legg vekt på aktiv medverknad frå elevar. Dette er spesielt viktig i spørsmål som vedkjem skulemiljøet. Fylkeskommunen har ansvaret for at lovfesta råd og utval vert oppretta, og at dei fungerer slik lova krev.

Dei ulike lovpålagde utvala er:

- Skuleutval (opplæringsloven §11-5)
- Skulemiljøutval (opplæringsloven § 11-5a)
- Elevråd (opplæringsloven § 11-6)

Skuleutval: Eit rådgjevande organ som i utgangspunktet er utan avgjerdsmynde, men kan bli delegert dette av fylkeskommunen. Utvalet uttalar seg om alle saker som vedkjem skulen.

Elevråd: Elevane sitt eige organ. Ved kvar vidaregåande skule skal det vere eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet jobbar for velferdsinteresser, arbeidstilhøve og læringsmiljøet for elevane.

Skulemiljøutval: Skal vere eit rådgjevande organ for skulen i arbeidet med skulemiljøet. Kan slåast saman med andre utval, men i skulemiljøutvalet skal alltid elevane har fleirtal. Utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.

Elev- og lærlingombodet har hatt spesielt fokus på Skulemiljøutvalet i møte med elevråda, og har fått kjennskap til at det ikkje har vore Skulemiljøutval ved alle dei vidaregåande skulane som vart besøkt hausten 2017.

Utfordringar framover når det gjeld elevrådsarbeid

Ein av føresetnadene for å drive eit godt elevråd er at elevrådsarbeidet vert støtta av leiinga på skulen. Elevråda har lenge hatt elevinspektør som kontaktperson inn mot leiinga, som skal hjelpe og følge opp arbeidet i elevrådet.

Etablering av vel fungerande elevråd må vere forankra i leiinga ved den enkelte skule, og kven som har ansvaret for dette arbeidet må vere tydeleg. Det er viktig å komme i gang med elevrådsarbeidet tidlig ved oppstart av nytt skuleår. Det er også viktig å gjere medlemmane i elevrådet trygge på kvarandre, slik at det er rom for utveksling av ulike meiningar, ulike forslag og ikkje minst ta demokratiske val. Det kunne sjå ut som elevråda som hadde gjennomført «bli-kjentur» i starten av skuleåret var tryggare på kvarandre, og var komme betre i gang med elevrådsarbeidet. Nokre skular vel nytt elevrådsstyre på våren, slik at det er klart til å starte elevrådsarbeidet tidleg på hausten. Dette såg ut til å fungere godt. Nye elevar kjem til frå tidleg haust. Det er positivt om ikkje alle er nye i elevrådet kvar haust. På skulane der elevrådet bestod av elevar som også hadde vore med tidlegare år, tok dei med seg viktig kunnskap og kontinuitet inn i arbeidet.

Generelt kan ombodet sjå at det er behov for betre informasjonsflyt i høve til elevrådsarbeid. Det er viktig med oppdatert informasjon på skulane sine nettsider om kven som sit i elevrådet, kontaktinformasjon til desse og ikkje minst informasjon om saker som elevrådet arbeider med. Referat frå møta og generell informasjon frå elevrådet bør vere lett tilgjengeleg for alle elevane ved skulen. Tilbakemeldingane frå tillitselev viser at det er ulikt frå skule til skule i høve til kor mykje tid elevane får til å arbeide med elevrådet. Enkelte skular har «klassens time» medan andre må bruke tid i ulike timar, gjerne timane til kontaktlærar. Tillitselev må få tid til å ta opp aktuelle saker med klassen som gjeld elevrådsarbeid og elevmedverknad jf. forskrift til opplæringslova § 1-4a. Elevane



sin medverknad når det gjeld eit god skulemiljø er svært viktig for å setje i gong tiltak som kan fungerer.

Elevdemokrati og medvirkning

	Alltid	Ofte	Noen ganger	Sjelden	Aldri
Er dere elever med på å lage regler for hvordan dere skal ha det i klassen/gruppa?	18,7%	31,2%	29,2%	14,2%	6,8%

Skulemiljøkonferansen

Elev- og lærlingombodet var deltakar og med i planlegginga av skulemiljøkonferansen. Konferansen er med på å forankre det viktige arbeidet til elevrådet og elevrådsstyret på dei ulike skulane.

Elev- og lærlingombodet anbefaler

Fylkeskommunen må sikre at lovpålagt skulemiljøutval (opplæringsloven § 11-5a) vert oppretta og gjennomført på alle offentlege vidaregåande skular. Elev- og lærlingombodet anbefaler at desse møta kjem i gong så tidleg som mogleg etter skulestart. Mangel på skulemiljøutval reduserer elevane sin rett til å medverke i sitt eige miljø.

SAMARBEID

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som lærebedrifter/opplæringskontor, Elevorganisasjonen og eksempelvis ulike fagorganisasjonar.

Samarbeid med mobbeombodet

Elev- og lærlingombodet har hatt eit tett samarbeid med Mobbeombodet gjennom heile året. Spesielt mykje tid er brukt på samarbeidet med «Elevrådsturne», men vi har også samarbeidd om høyringsuttale, informasjonsarbeid, enkelte førespurnader og med «Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lære kandidatlar» saman med fagopplæringskontoret.

Samarbeid med Elevorganisasjonen

Elevorganisasjonen i Noreg, omtalt som EO, er ein partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon med og for elevar. I tillegg til hovudstyre sentralt, har kvart fylke sin eigen avdeling med eit styre. Elev- og lærlingombodet og EO oppretta tidleg kontakt, og har hatt eit godt samarbeid i året som har gått. Samarbeidet i 2017 har bestått av møter mellom leiar/fylkesstyret og ombodet, deltaking på arrangement i regi av EO samt samarbeid om «Elevrådsturne». EO med ulike representantar frå fylkesstyret var med i gjennomføringa av Elevrådsturneen. EO sentralt har også deltatt og vore med som observatør på nokre av skulane vi besøkte gjennom elevrådsturneen. Ombodet ønskjer å halde fram med det gode samarbeidet.

Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune

Opplæringsavdelinga består av fleire seksjonar med mange ulike ansvarsområde. I ombodet sine møter med dei ulike seksjonane er inntrykket at viljen er stor for å arbeide til det beste for elevane og lærlingane i Hordaland. Ombodet opplever å ha eit godt samarbeid med dei ulike seksjonane på opplæringsavdelinga, og opplever at ein også kan spele på kvarandre. Å dele kunnskap og informasjon, og i fellesskap finne gode løysingar i enkeltsaker har vore gjennomgåande.

I saker der ombodet har vorte kontakta og fått fullmakt til å gå inn i saken, har ombodet opplevd at dei ulike seksjonane i opplæringsavdelinga er imøtekommande, og interessert i å løyse utfordringane som elevane eller lærlingane har hamna i. Ombodet har også vorte invitert inn i fleire aktuelle samlingar i regi av opplæringsavdelinga. Både for å bidra med informasjon, men også som deltakar der tema er relevant for ombodet sitt arbeid: Eksempelvis samlingar for bransjar og opplæringskontor, og samlingar for rådgjevarar og elevinspektørar i vidaregåande skole.

Samarbeid med elev- og lærlingomboda i Norge -ELON

I 2017 var det 20 år sidan den første ordninga med elev- og lærlingombodet vart oppretta i Nordland fylkeskommune. I 2017 har alle fylkeskommunar vedtak om eit elev- og lærlingombod i sitt fylke. Det er godt nytt, og viser at elevar og lærlingar sine rettar blir tatt på alvor.

Elev- og lærlingomboda i Norge (ELON) har 2-3 samlingar i året. Samlingane vert arrangert i eit «vertsfylke». På samlingane har vi innlegg med relevante tema, gjerne gode døme frå fylkeskommunen vi besøker, erfaringsutveksling, arbeid med felles prosjekt og diskusjon om generelle ombodssaker. Det er no tilsett elev- og lærlingombod i alle fylke utanom Finnmark. Elev- og lærlingomboda har utanom dei faste møta hyppig kontakt gjennom e-post og Facebookgruppe. ELON har ikkje leiar, men har eit «Arbeidsutval» (AU) som består av tre personar. Desse blir valt for to år om gongen. Arbeidsoppgåvene til AU er å arbeide med felles høyringsuttalar, felles læremateriale som eksempelvis: «Elevrådshandboka», samt planlegging av samlingar og innhald/saker til samlingane. Planlegging av samlingane vert arrangert i samarbeid med «vertsfylket» og ombodet i fylket. Elev- og lærlingombodet i Hordaland vart hausten 2017 valt inn i ELON sitt AU.

Vidare arbeid

Rolla som brubyggjar mellom dei ulike instansane i vidaregåande opplæring er sentral i arbeidet til elev- og lærlingombodet. Det er fleire aktørar som ombodet har vorte introdusert for der ein ser at det i framtida kan vere relevant med eit tettare samarbeid. Dette gjeld alt frå Fylkesmannen, Arbeidstilsynet, LO, NHO, YS, KS til eksempelvis hovudverneombod, fagforeiningar og politikarar. Ombodet ynskjer spesielt å vere tilgjengeleg for politikarane i spørsmål dei måtte ha om elevar eller lærlingar sine rettar.

DIVERSE


Høyringar

Ombodet har vore delaktig med ei høring knytt til eige fylke, denne vart utarbeidd i samarbeid med mobbeombodet. Utanom dette har ombodet også vore delaktig og signert på til saman 3 høyringar sendt i fellesskap med elev- og lærlingomboda i Norge (ELON):

- Ny generell del av læreplanen
- Fagbrev på jobb
- Endringer i bestemmelsene om fagprøve, svenneprøve, praksisbrevprøve og kompetanseprøve.

Ung.no

Ved tid og anledning bidrar ombodet med å svare elevar og lærlingar frå heile landet på spørsmål som omhandlar vidaregåande opplæring på nettstaden www.ung.no . I periodar har det vorte lite tid til dette. Svara er offentlege og lett å søke, opp og er difor til nyttig informasjon for alle som søker informasjon om vidaregåande opplæring.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Notat

Dato: 09.04.2018
Arkivsak: 2016/10915-5
Saksbehandlar: torrutl

Til:	Yrkesopplæringsnemnda Ungdommens fylkesutval Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmann


Årsrapport 2017 for mobbeombodet

Dette er ein rapport frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Rapporten gjeld for tidsrommet oktober 2016 til desember 2017. Perioden frå oktober 2016 til juni 2017 var del av prosjektperioden med mobbeombod som ei prøveordning. Etter vedtak i fylkestinget i juni 2017 har mobbeombodet vore ei fast stilling. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Rapporten er ei oppsummering av prioriteringane og arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet her råd til opplæringsavdelinga og politikarane på bakgrunn av informasjon frå elevundersøkinga, samtaler med elevar og tilsette, samt dei spørsmåla og sakene som mobbeombodet har fått inn.

Vedlegg

- 1 Årsrapport 2017 for mobbeombodet - rapport



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Rapport frå mobbeombodet i Hordaland

Årsrapport for 2017



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Mobbeombodet
Kontaktinformasjon/e-post: mobbeombod@hfk.no
Dato: Mars 2018

INNHALD

FORORD	4
TILRÅDINGAR	5
MOBBEOMBODET I HORDALAND	5
SAKER	6
Kven tar kontakt og korleis?	6
Kva type saker i 2016-2017?	7
INFORMASJONSARBEID OG AKTIVITETER I 2017	7
Informasjonsarbeid: Nettsider, sosiale medium og media	7
Informasjonsarbeid: Workshop, innlegg og føredrag	7
Tilrådingar	8
Kompetanseheving for tilsette	9
Tilrådingar	9
Andre aktivitetar	10
SAMARBEID OG SYSTEMARBEID	10
Skulane	10
Opplæringsavdelinga	10
Tilrådingar	11
Tilrådingar	12
Andre samarbeidspartnarar og nettverk	12
VEGEN VIDARE	12
Nasjonale føringar	12
Innsatsområde i 2018	13

Forord

Dette er ein rapport frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Rapporten gjeld for tidsrommet oktober 2016 til desember 2017. Perioden frå oktober 2016 til juni 2017 var del av prosjektperioden med mobbeombod som ei prøveordning. Etter vedtak i fylkestinget i juni 2017 har mobbeombodet vore ei fast stilling. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Rapporten er ei oppsummering av prioriteringane og arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet her råd til opplæringsavdelinga og politikarane på bakgrunn av informasjon frå elevundersøkinga, samtaler med elevar og tilsette, samt dei spørsmåla og sakene som mobbeombodet har fått inn.

Arbeidet som ombodet gjer er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, òg for å synleggjere utfordringar i arbeidet med læringsmiljø og kapittel 9A¹ i opplæringsloven (elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø).

Eg har fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar kring elevar og lærlingar. Det er mange engasjerte og dyktige menneske som jobbar hardt for å skape gode læringsmiljø for elevane og lærlingane, både i fylkeskommunen og ute i bedriftene.

Eg vil takke alle gode samarbeidspartnarar og ikkje minst elevar, lærlingar og føresette som tek kontakt og delar sine historier og erfaringar med meg.

Mari-Kristine Morberg
Mobbeombodet i Hordaland

26.03.2018

¹ Kapittel 9A i opplæringsloven er det kapitlet som omhandlar elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø. Kapitlet er oppdatert frå 1.8.2017. Sjå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11 for heile kapitlet.

Tilrådingar

Her følger ei oppsummering av tilrådingane frå mobbeombodet i Hordaland. Tilrådingane er gitt med bakgrunn i spørsmål og saker ombodet har jobba med, erfaringar ombodet har gjort i møte med elevar, lærlingar og tilsette i Hordaland fylkeskommune, samt tall frå Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga. Bakgrunn og grunngjeving for tilrådingane er gitt i rapporten. Mobbeombodet opplever at tilbakemeldingar blir tatt på alvor og fleire av ombodet sine tidlegare tilrådingar har det blitt jobba med i både 2016 og 2017, til dømes handlingsplan for lærlingar som blir utsett for mobbing. Mobbeombodet anbefalar at:

- Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på www.hordaland.no om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i slike saker.
- Hordaland fylkeskommune sørger for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule.
- Opplæringsavdelinga har ein eigen person (skulemiljørådgjever) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.
- det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».²
- det opprettast eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane.

Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet er ein uavhengig instans som skal sikre at elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring får ivaretatt rettane sine til eit godt læringsmiljø. Mobbeombodet har mellom anna som oppgåve å:

- vere eit lågterskeltilbod for lærlingar og elevar i vidaregåande utdanning
- formidle kunnskap og informasjon om elevane/lærlingane sine rettar til eit godt skule/arbeidsmiljø
- vere døroppnar for hjelpetenester og rettleie i lover, prosedyrar og saksgang
- jobbe aktivt for å spreie kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar
- vere oppdatert på aktuell forskning og bidra til å gjere forskinga kjend, blant anna gjennom sosiale medium

Mobbeombodet er ikkje ein sakshandsamar, men ein koordinerande aktør, pådrivar og rettleiar i mobbesaker. Mobbeombodet har ikkje mynde til å pålegge skulane tiltak, men kan rettleie og påverke gjennom opplæringsavdelinga og andre instansar om naudsynt. Ombodet har teieplikt.

Mobbeombodet har i prosjektperioden og fram til 31.12.2017 vore plassert i opplæringsavdelinga, seksjon skule. Frå 01.01.2018 er ombodet plassert i økonomi- og organisasjonsavdelinga.

Prioriterte innsatsområde i 2017 har vore vaksne som krenker/mobbar, at elevar på yrkesfag rapporterer om meir mobbing enn elevar på studieførebuande, «blinde flekker» - til dømes gutar og relasjonell mobbing, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing.



Foto: Atle Kold Hansen, HFK

² I følgje rutineane skal det gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Mobbeombodet er ikkje kjent med at det er gjennomført slik tilsyn.

Saker

År	VGS	Lærlingar	Grunnskule	Andre ³	Totalt
2015 (frå august)	6	1	6	1	14
2016	25	2	6	4	37
2017	38	5	11	1	55

Det er ei stadig auke i mengd saker mobbeombodet får inn, sidan oppstarten i august 2015. Dette heng nok saman med at ordninga har blitt betre kjent. 20 saker (om lag 60%) av sakene frå vidaregåande i 2017 kjem frå skulane sjølv. Frå august 2017 har ombodet begynt å føre statistikk over kjønn, der denne informasjonen er tilgjengeleg,⁴ og vil i neste rapport for 2017-2018 legge fram tal på dette. Mobbeombodet har allereie i 2018 hatt 23 saker pr. 21.03.2018 (11 frå VGS).

I følgje evalueringa av prøveprosjektet med mobbeombod⁵ var mobbeombodet involvert i omtrent 30% av sakene som respondentane opplyser at dei hadde i prosjektperioden. Ein stor del av sakene løysast altså utan hjelp eller støtte frå mobbeombodet. Det er særleg i dei krevjande og litt meir komplekse sakene at tilsette har behov for råd og støtte. Den faglege støtta og rådgjevinga frå mobbeombodet i sakene der ombodet har vore involvert i oppfattast som god. Ønskje frå informantane er at mobbeombodet er ein rådgjevande og støttande part i enkeltsaker. Det opplevast som ein fordel at nokon ser saka utanfrå, særleg på dei små skulane.

Tilbakemeldingane mobbeombodet får frå føresette og unge som tar kontakt er også god. Dei er svært takknemlege for råd og rettleiing. Mange fortel at det er godt å ha nokon å snakke med.

KVEN TAR KONTAKT OG KORLEIS?

År	Elev/lærling	Føresette	Venn/medelev	Skule	HFK	Andre ⁶
2015	1	2	0	3	0	1
2016	3	5	0	13	2	2
2017	0	11	2	20	2	3

I langt dei fleste sakene blir ombodet kontakta per telefon, deretter e-post og i direkte møte. Når elevar eller lærlingar tar kontakt er det i direkte møte (til dømes på skulebesøk). Frå januar 2018 er ombodet på Snapchat og der tek fleire unge kontakt. Der blir det òg stilt korte spørsmål, utan at det blir rekna som ei sak.

I tillegg får mobbeombodet ein del saker frå grunnskular. I nær alle disse sakene er det mor som tar kontakt, hovudsakleg via telefon, men også på e-post. Desse sakene er ofte komplekse og har gått føre seg over lang tid.

³ Til dømes barnehage eller konfirmasjonsundervisning.

⁴ Mange av dei som tek kontakt med ombodet ønskjer å vere anonyme.

⁵ Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017 AUD-rapport nr. 04-17

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-04-17-evaluering-av-proveordninga-med-mobbeombod-i-hordaland-2015-2017.pdf>

⁶ Til dømes opplæringskontor, helsesøster, psykolog, søsken, besteforeldre.

KVA TYPE SAKER I 2016-2017?

I fleire av sakene har elevane tidlegare erfaring med mobbing. Mange av sakene gjeld fleire elevar i ei klasse og det handlar ofte om utestenging. I nokre av tilfella er det vanskeleg for skulen å sjå at dette går føre seg på skulen og ikkje berre på fritida. Ofte ønskjer ikkje eleven at skulen skal gjere noko med saka.

I nær alle sakene er det eit digitalt element, det vil seie at noko av krenkingane skjer digitalt. Nokre av tilfella er eingongstilfelle, men kan ha store konsekvensar for dei det gjeld.

Det har vore tilfelle der det er tilsette som krenker elevar og det har vore tilfelle der lærlingar har bytta læreplass på bakgrunn av seksuell trakassering.

Ombodet opplever i dei fleste tilfelle at skulane tar sakene på alvor og jobbar godt og grundig så snart dei får kjennskap til ei 9A-sak. I nokre få saker er ikkje skulen og eleven/familien samde om kva som går føre seg. Måten ein kommuniserer på er avgjerande for eit godt samarbeid mellom heim og skule. I alle saker er kunnskap om avdekking og verktøy for avdekking av mobbing svært viktig.

Informasjonsarbeid og aktiviteter i 2017

INFORMASJONSARBEID: NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM OG MEDIA

På nettsida <https://www.hordaland.no/mobbeombod> finn ein informasjon om kva ombodet gjer og korleis ein kan få hjelp av ombodet. I tillegg har sida to undersider. Her finn ein ei «oppskrift» på korleis ein kan gå fram om ein ikkje har eit godt skule/arbeidsmiljø.



Mobbeombodet er på facebook under www.facebook.com/mobbeombodet. Her delast relevant informasjon, tips og nyhende.

Frå januar 2018 har mobbeombodet i tillegg valt å satse på snapchat (søk på «mobbeombod») som ein informasjonskanal for å nå ut til fleire unge.

Mobbeombodet har ei intranettside som er tilgjengeleg for alle tilsette i Hordaland fylkeskommune. Her delast aktuelle saker, litteratur og filmtips, undervisningstips, samt presentasjonar frå kurs.

Ombodet har hatt tre kronikkar på trykk i BT, vore gjest i Vestlandsrevyen (NRK) ved eit tilhøve og på «Hordaland i dag» (NRK Hordaland radio) ved fleire tilhøve i 2017. Ho har vore intervjuet av BT, BA og NRK Hordaland (nett). I tillegg har det vore reportasjar og notisar om mobbeombodet og mobbeombodsordninga i til dømes Sunnhordland, Kvinnheringen, Grenda og Stordnytt. I tillegg har mobbeombodet vore nemnt i bloggar og intervjuet i Lektor Lomsdalens podcast.

INFORMASJONSARBEID: WORKSHOP, INNLEGG OG FØREDRAG

Det kjem fram i evalueringa⁷ frå våren 2017 at prøveordninga med mobbeombodet i Hordaland er godt mottatt og at ordninga er godt kjent blant rektorar, elevinspektørar og rådgjevarar som jobbar i skulen. Til tross for at det å gjere ombodsordninga kjent har vore eit prioritert område for ombodet sidan hausten 2015, er ordninga i mindre grad kjent blant elevrådsleiarane. Arbeidet med å gjere ordninga kjent held fram hausten 2017 og i åra som kjem.

⁷ Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017 AUD-rapport nr. 04-17 <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-04-17-evaluering-av-proveordninga-med-mobbeombod-i-hordaland-2015-2017.pdf>

År	Workshop med elevråd	Foredrag/workshop elevar	Foredrag/workshop lærlingar	Foredrag for tilsette i skulen	Foredrag ulike interne samlingar	Eksterne foredrag/innlegg ⁸	Totalt
2017	22	7	5	10	10	8	62

Ombodet driv mykje med oppsøkande verksemd, mellom anna gjennom workshop for elevråda ved 22 av dei vidaregåande skulane i 2017, ofte saman med elev- og lærlingombodet og Elevorganisasjonen.

Tips frå elevrådet på Langhaugen VGS

«Lag ein kahoot-quiz i storefri eller midttimen, med spørsmål om elevane sine rettar og om skulemiljø!»

På skulane informerer ombodet om ombodsordninga, om rettane til eit god skulemiljø og mobbing. I tillegg jobbar mobbeombodet saman med elevråda om korleis dei som elevrådsrepresentantar kan vere gode og inkluderande leiarar i eiga klasse. Hausten 2016 hadde ho mykje fokus på klassens time. Korleis kan ein jobbe med klassemiljøet i eigen klasse? Korleis best nytte tida ein har? Hausten 2017 har hovudtema vore det nye kapittelet i Opplæringsloven, 9A. Korleis kan elevrådet jobbe for å gjere rettane kjent på eigen skule?

Mange elevar fortell at dei ikkje kjente til kapittel 9A og rettane sine. Dette er heller ikkje godt kjent blant føresette. Ombodet opplever likevel at skulane har meir fokus på å formidle denne informasjonen enn tidlegare.

Nokre lærlingar kjenner seg veldig einsame i lærebedrifta. Ein del veit ikkje skilnad på opplæringskontor og fagopplæringskontoret, og veit ikkje kven dei skal vende seg til om dei har utfordringar eller problem i lærebedrifta. Ombodet meiner at fylkeskommunen må sjå på nye moglegheiter for å vere meir direkte i kontakt med dei lærlingane om treng det.

TILRÅDINGAR

- **Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på www.hordaland.no om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i slike saker.**

Mobbeombodet informerer mykje om kapittel 9A. Skular har ei informasjonsplikt etter § 9 A-9 «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Mobbeombodet anbefalar at Hordaland fylkeskommune har ei felles informasjonsside på www.hordaland.no, om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæringskontoret i slike saker. I samband med ei slik side må ein og gå gjennom informasjonen på kvar seksjon og alle skular sine nettsider. Alle skular bør i tillegg lenke til omboda sine sider og kontaktinformasjon.

Sida må alltid vere oppdatert og mellom anna innehalde:

- Elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, korleis dei kan få hjelp, kva dei kan forvente av eigen skule, samt informasjon om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for handsaming av brott på kapittel 9A.
- Informasjon om korleis ein klager på lærar og kva som skjer når ein gjer det.
- Eit sikkert skjema der ein enkelt kan melde saker til skulen/opplæringsavdelinga/mobbeombodet.
- Lærlingane må finne informasjon om rettane sine til eit godt arbeidsmiljø, korleis dei kan få hjelp, kva fagopplæringskontoret sine rutinar er når lærlingar ikkje har det bra i lære og kva dei kan forvente av fagopplæringskontoret og Hordaland fylkeskommune i slike saker.

Ei anna måte å informere lærlingane på er å lage ein app, med informasjon om rettar og plikter i arbeidslivet, samt ein enkel måte for lærlingane å komme i kontakt med fagopplæringskontoret på.⁹

⁸ Til dømes studentar, UiB, Høgskulen på Vestlandet, Læringsmiljøsentret, politiske parti, osv.

⁹ Det er mogleg at det er i ferd med å utviklast ein slik app i Oslo. Hordaland fylkeskommune må i så fall vise interesse for å få tilgang til appen/bidra inn i arbeidet.

KOMPETANSEHEVING FOR TILSETTE

Når det gjeld kva effektar ein ser frå prøveordninga med mobbeombod er tilbakemeldingane at mobbing er sett på dagsorden. I følgje evalueringsrapporten¹⁰ opplever tilsette å ha fått meir kunnskap om mobbing og handtering av mobbesaker. Mobbeombodet har jobba med kompetanseheving gjennom å alltid takke ja til å halde innlegg for tilsette på til dømes rådgjevarsamlingar og samling for nytilsette. Meisteparten av kompetansehevinga har gått føre seg gjennom føredrag på den enkelte skule eller gjennom kursrekka «Slik handterer vi mobbing».

Føredrag på den enkelte skule

Ombodet har halde føredrag/workshop for tilsette på 10 skular i 2017. I år har det vore endringane i Opplæringsloven, kapittel 9A (elevane si rett til eit godt skulemiljø), som har vore det viktigaste temaet, ofte i kombinasjon med tema som til dømes «kva er mobbing», «handtering av mobbesaker», «digitale krenkelsar» eller andre tema som skulen ønskjer opplæring eller oppfrisking i.

Kursrekke

Gjennom kursrekka «Gode skulemiljø – slik jobbar vi mot mobbing» har tilsette fått høve til å lære meir om mobbing. I evalueringa av kursrekka, men og frå evalueringa med prøveprosjektet, kjem det fram at dette er positivt mottatt.¹¹ Det er mellom anna viktig at skulane får praktisk informasjon om korleis dei skal jobbe i mobbesaker og ikkje berre generell kunnskap om kva mobbing er. Her er oppfatninga at mobbeombodet har medverka positivt.

TILRÅDINGAR

- **Hordaland fylkeskommune sørgjer for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule.**

Rett kompetanse er heilt naudsynt for å handtere sakene om skulemiljø og mobbing skikkeleg. Mobbeombodet ser at det er behov for ytterlegare kompetanseheving. Viktige område ombodet meiner skulane bør få auka kompetanse på er mellom anna: observasjons-kompetanse (relasjonell og skjult mobbing) og identitetsbasert mobbing, deriblant mobbing på tilrettelagte grupper. Kunnskap og kompetanse om handtering av kapittel 9A er som all anna kunnskap, ein må nytte den jamleg for å vere god.

Hordaland fylkeskommune må følgje opplæringslova og sørgje for at alle som jobbar på skulane kjennar til sine plikter etter kapittel 9A. Dette er uavhengig av kva rolle ein har, om ein er lærar, tilsett i kantine eller reinhaldsoperatør, og kva avdeling ein er tilsett i. Denne kompetanseutviklinga må vere systematisk og jamleg.

Fleire av deltakarane på kursrekka meiner at kurset mobbeombodet har arrangert skulle ha vore obligatorisk for leinga og for alle tilsette. Om ein ønskjer ei skulebasert grundig kompetanseheving kan ein til dømes nytte seg av eit nytt nettkurs frå Kunnskapsdepartementet som blir tilgjengeleg for vidaregåande opplæring i 2019.¹² Andre måte å sørge for at skulane har tilstrekkeleg kompetanse på er jamlege obligatoriske kurs for leing med ressurspersonar om handtering av kapittel 9A-saker, her iblant § 9A-5-saker (vaksne som krenker). Ombodet meiner at kvar skule bør ha ei ressursgruppe som er ekspertar på kapittel 9A, som blir følgt opp av opplæringsavdelinga og som får fagleg påfyll kvart semester. Vidare bør ein legge til rette for praksisutveksling når det gjeld tiltak i 9A-saker mellom skuleleiingar.

¹⁰ Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017 AUD-rapport nr. 04-17

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-04-17-evaluering-av-proveordninga-med-mobbeombod-i-hordaland-2015-2017.pdf>

¹¹ Evaluering av prøveordninga for mobbeombod i Hordaland 2015-2017 AUD-rapport nr. 04-17

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2017/aud-rapport-04-17-evaluering-av-proveordninga-med-mobbeombod-i-hordaland-2015-2017.pdf>

¹² <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/nettkurs-om-miljo-og-mobbing/>. Dette er eit nettkurs for å støtte skular som ønskjer å vidareutvikle kompetansen i å førebygge krenkelsar, og fremme gode og trygge miljø. Kurset varer i 1,5 år.

ANDRE AKTIVITETER

Prosjekt digital dømmekraft

Hausten 2017 inviterte mobbeombodet dei fylkeskommunale skulane i Hordaland og Ungdommens fylkesutval til å delta i eit prosjekt om digital dømmekraft.

Prosjektet starta opp på bakgrunn av

- 1) Skulane meldar at dei har mange krevjande digitale (mobbe)saker på skulane
- 2) Ungdata og elevundersøkinga viser at mange unge har negative opplevingar på nett
- 3) NORSIS-rapport¹³ (2017) fortel at unge ikkje får eller ikkje veit om dei får opplæring i informasjonstryggleik

Mål:

- Utvikle eit opplegg som hjelper elevar på VG1 til å ta gode og kloke digitale val.
- Opplegget kan gjennomførast i VG1 av og med elevar på alle dei vidaregåande skulane i Hordaland.
- Lærarar og leiarar vil auke kompetansen om digital dømmekraft og nettvett.
- Klart til å gjennomførast på skulane hausten 2018.

Prosjektgruppa består av tre-fire elevar frå fire vidaregåande skular i Hordaland. Ungdom frå ungdommens fylkesutval har også vore involvert. Prosjektet blir utforma av elevane. Dei bestemmer problemstilling og korleis ein skal løysa problemet. Elevane har utforma to opplegg, ein del består av undervisningsopplegg i klassen for elevane, ei anna del av undervisning for lærarane.

«Innenfor skolen»

Hausten 2016 satt Bergen kommune ned ei arbeidsgruppe for læringsmiljø, som ein del av det større prosjektet «Innenfor skolen». Prosjektet er leia av skulehelsetenesta i Bergen kommune. Mobbeombodet var fagleg leiar av arbeidsgruppa for læringsmiljø.

Dette delprosjektet bli avslutta juni 2017. Resultat av prosjektet er eit hefte, ein idébank for arbeid med skulemiljø, og ein rettleiar for arbeid med skulemiljø. Rettleiaren ligger opent tilgjengeleg på Bergen kommune sine nettsider.¹⁴ Fleire av dei vidaregåande skulane som har tatt kontakt med mobbeombodet har hatt ønske om ein god mal for ein heilskapleg handlingsplan for gode skulemiljø.

Samarbeid og systemarbeid

SKULANE

Mobbeombodet opplever eit godt samarbeid med skulane, både når det gjeld det førebyggjande arbeidet og i arbeid med konkrete saker. Elevinspektøren ved den enkelte skule har vore ein god og viktig samarbeidspartnar for mobbeombodet, i samband med skulebesøk, men og om enkeltsaker. Det er skulane som i størst grad tar kontakt med ombodet og ønskjer å drøfte saker eller få rettleiing.

OPPLÆRINGSAVDELINGA

Mobbeombodet deltar i ulike samarbeidsforum i opplæringsavdelinga for systematisk samarbeid om elevar og lærlingar sine rettar og skulane sine plikter. Ombodet ser at det vere tett på opplæringsavdelinga har vore nyttig. Mobbing og skulemiljø har blitt satt på dagsorden i ei rekkje av opplæringsavdelinga sine tiltak og i den daglege drifta. Mobbeombodet opplever at samarbeidet med opplæringsavdelinga er godt.

Seksjon skule

Fram til 31.12.2017 var mobbeombodet ein del av seksjon skule. Det har vore nyttig for ombodet å vere ein del av opplæringsavdelinga for å bli kjent i «skulesystemet» i Hordaland. Ombodet har opplevd å bli lytta til og tatt på alvor i høve til forslag og innspel. Til dømes har VBV- teamet (Verksemdbasert vurdering) eit ekstra fokus på kapittel 9A, skulemiljø og mobbing når dei besøker skulane. Dette er også tema i leiarsamtale mellom regionleiar og rektor.

¹³ <https://norsis.no/ungdom-digital-sikkerhetskultur/>

¹⁴ https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00311/Rettleiar_for_arbei_311885a.pdf

Skuleeigar er ansvarleg for krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynlege for at krava skal kunne oppfyllest (etter § 13-10 «Ansvarsomfang» i opplæringslova). Fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune er i gang med å oppdatere det interne systemet etter nytt kapittel 9A. Dette arbeidet er viktig og bør ha høg prioritet i avdelinga.

Mobbeombodet har vore involvert i arbeidet med nye rutinar og prosedyrar for kapittel 9A og har også sørgja for kompetanseheving på området. No som ombodet har gått ut av seksjonen er det viktig at det administrativt er nokon som får eit særskilt og tydeleg definert ansvar på dette området. Det kan vere som ein skulemiljørådgjevar¹⁵ som til dømes har som oppgåve å

- sørge for at kvalitetssystemet er oppdatert
- at skulene har handlingsplanar på plass
- at skulane veit kor dei finn rutinane i kvalitetssystemet og følgjer dei
- at skulane sender kopi av aktivitetsplan til opplæringsavdelinga, slik at ein har ei full oversikt over kor mange 9A-saker ein har og korleis desse blir handtert på skulane
- det må rapporterast på dette i den årlege kvalitetsmeldinga
- kjenne til kva som blir gjort på den enkelte skule av til dømes førebyggjande arbeid og ha samla oversikt over om det er nokon skular som treng rettleiing og støtte på feltet
- rettleie og kurse skulane i enkelt saker og ved behov

TILRÅDINGAR

- **Opplæringsavdelinga bør ha ein eigen person (skulemiljørådgjevar) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.**
- **Det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».**¹⁶

Seksjon fagopplæring

Mobbeombodet har støtta seksjon fagopplæring i arbeidet med å få plass ein plan for handtering av mobbesaker. Planen «Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar» er no på plass. Ombodet har eit godt samarbeid med fagopplæringskontoret og møter tilsette som er opptatt av lærlingane sine rettar. Ombodet meiner det er fleire område der systemet for avdekking og handtering av mobbing/trakassering og dårlig opplæringsmiljø kan bli betre. Sjå også årsrapporten til elev- og lærlingombodet i Hordaland.

Seksjon OT/PPT (Oppfølgingstenesta og Pedagogisk-psykologisk teneste)

Ombodet deltar i OT/PPT si nettverksgruppe for psykososialt miljø. Gruppa arbeidar med ein intern rutineperm, samt kompetanseheving på kartleggingsverktøy. Mobbeombodet og nettverksgruppa fremma januar 2017 ei sak om etablering av eit tverrfagleg «innsatsteam» for leiargruppa ved opplæringsavdelinga. som skal ha brei kompetanse og mandat til å gå inn i særleg kompliserte saker ved dei vidaregåande skulane og sikre god og effektiv handtering av mobbesaker. I følgje sak «Evaluering prøveprosjekt med mobbeombod» viser ein til at ferdigstilling av mandat og etablering av innsatsteam er forventa å vere klart til 01.08.17.¹⁷ Nettverksgruppa har per d.d. ikkje fått informasjon om korleis ein ligg an med dette arbeidet.

¹⁵ Sjå til dømes Vestby kommune (<https://www.vestby.kommune.no/raadgiver-i-bedre-barnehage-og-skolemiljoe.5792347-374649.html>) eller Bærum kommune (Trygg-kontakt: <https://www.baerum.kommune.no/tjenester/skole/trygt-skolemiljo/>).

¹⁶ I følgje rutinane skal det gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Mobbeombodet er ikkje kjent med at det er gjennomført slik tilsyn.

¹⁷

<http://einnsyn.hfk.no/elnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=9687&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=372449>

TILRÅDINGAR

Hordaland fylkeskommune opprettar eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane.

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR OG NETTVERK



Elev- og lærlingombodet i Hordaland

Mobbeombodet har eit svært godt samarbeid med elev- og lærlingombodet i Hordaland. Det er godt å vere to for å drøfte utfordringar med ombodsrolla, saker og for å fordele oppgåver og oppdrag.

Elevorganisasjonen i Hordaland

Elevorganisasjonen er ein viktig samarbeidspartnar for ombodet. Vi samarbeider om elevrådsturné og dei tillitsvalde er ofte referansepersonar for mobbeombodet sitt virke.

Ungdommens fylkesutval

Mobbeombodet har eit godt samarbeid med ungdommens fylkesutval. Ho blir invitert til samlingar og møte og stiller gjerne. Ungdommen i utvalet blir ofte brukt som referansepersonar i mobbeombodet sitt arbeid.

Mobbeomboda i Noreg

Mobbeombodet deltar i eit fagleg nettverk med dei andre fylkeskommunale mobbeomboda. I 2017 har det vore seks samlingar og treffpunkt for omboda, nokre gongar saman med elev- og lærlingombod. Samlingane blir ofte lagt i samband med faglege konferansar og seminar.

Andre

Mobbeombodet deltek i fagnettverket til «Partnerskap mot mobbing» og bidrar inn i dette arbeidet gjennom seminar og innspel til Utdanningsdirektoratet.

Ombodet deltar i «Trygg Bruk-nettverket», saman med mellom anna Medietilsynet, dubestemmer.no, Røde Kors, Barnevakten, Redd Barna osb.

Mobbeombodet har eit godt samarbeid med «Trygg i Fjell»¹⁸, eit prosjekt i Fjell kommune, som jobbar heilskapleg mot mobbing i heile kommunen.

Vegen vidare

NASJONALE FØRINGAR

Stortinget vedtok 22. mai 2017 gjennom innstilling nr. 289 S (2016-17) at det skal settast i verk ei ordning med mobbeombod, enten på fylkeskommunalt eller regionalt nivå. Følgjande er bestemt i kunnskapsdepartementet: Det skal innførast ei ordning med fylkesvise mobbeombod frå hausten 2018. Ordninga skal evaluerast. Avgjerd om mobbeomboda si tilknytning til nye regioner frå 2020, med sikte på eit oversiktlig og tilgjengeleg ombodssystem, skal tas på eit seinare tidspunkt og på grunnlag av evalueringa.

Det er ønskelig med eit mobbeombod i kvart fylke. Mobbeomboda skal ha både barnehage og skule som virkeområde. Det skal leggjast til rette for eit godt samarbeid om det psykososiale miljøet i vidaregåande opplæring med elev –og lærlingomboda. Barn, elever og foreldre er omboda si primære målgruppe. Oppgåver som førebygging, dokumentasjon, erfaringsdeling og dialog krevjar nær kontakt med skuleeigar og barnehagemyndighet. Fylkeskommunane kan ta omsyn til desse tilhøva når omboda sine arbeidsområder blir vurdert.


¹⁸ <http://www.tryggifjell.no/>

I føringane frå departementet er det primært arbeidet mot barn, elevar og familiar som gjeld, både støtte, rettleiing og informasjon. Det å hjelpe til i fastlåste saker, skape dialog og bidra til god tverrfageleg oppfølging etter at saka er handtert trekkjast òg fram. Slik ombodet har jobba fram til no, har ho vore tett på dei vidaregåande skulane, ei omlegging i ordning betyr at ombodet vil jobbe opp mot kommunar og andre barnehage- og skuleeigarar.

INNSATSOMRÅDE I 2018

«Det er større sjanse for at vi har en venn med depresjon eller angst, enn at vi må hjelpe noen som er utsatt for en bilulykke». Dette er eit sitat frå ein elev på SLT-konferansen til Bergen kommune januar 2018.

Elevundersøkinga viser at meir enn 60% av elevane ikkje fortell skulen at dei blir utsatt for mobbing. Dei sakene ombodet får inn, viser også at det er svært sjeldan at elevane sjølve tar kontakt. Mobbeombodet har i 2017 løfta denne utfordringa i møte med tilsette i skulane. Kva gjer skulen og den enkelte tilsette for å legge til rette for at elevane kan fortelje? For mobbeombodet vil dette vere eit viktig område i møte med elevar og barn i 2018 og framover. Korleis kan du hjelpe ein venn eller ein medelev som ikkje har det bra?



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate
5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet.

Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i

Notat

 Dato: 22.11.2017
 Arkivsak: 2015/10845-10
 Saksbehandlar: stahaug

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Større saker til politisk behandling 2018

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av 1. halvår 2018.

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Økonomi- og organisasjonsavdelinga							
Finansrapport 2017				21.-22.02.	6.-7.03.		
Finansrapport 1. tertial 2018				31.05.	12.-13.06.		
Tertialrapport 1. tertial 2018				31.05.	12.-13.06.		
Årsrekneskap 2017				31.05.	12.-13.06.		
Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune				31.05.	12.-13.06.		
Eigedomsavdelinga							
Kontorkonsept og utvikling av framtidig fylkeshus				21.-22.02.	6.-7.03.		
Rehabilitering og utviding Askøy vgs – godkjenning av programmering				31.05.	12.-13.06.		
Opplæringsavdelinga							
Framtidig opplæringstilbod for elevar som har behov for tilrettelegging på grunn av psykisk sjukdom		6.-7.02.		21.-22.02.	6.-7.03.		
Produksjonsskule Hjeltnes		6.-7.02.		21.-22.02.	6.-7.03.		
Framtidig behov for produksjonsskular		6.-7.02.		21.-22.02.	6.-7.03.		
Oppdrags- og kursverksemd		6.-7.02.			6.-7.03.		
Justering av klassesilbodet		15.05.		31.05.			

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Regionalavdelinga							
Handlingsprogram folkehelse	23.01.	16.01.	17.01.	1.02.		16.11.	
Val av eigarskapsrepresentantar til selskapa for 2018				1.02.		16.11.	
Temaplan for landbruk i Hordaland 2014-2017	13.02.	6.-7.02.		21.-22.02.	6.-7.03	16.11.	
Vidareføring av omstillingsutvalet sitt arbeid i 2018				1.02.		16.11.	
Handlingsporgram for Næringsutvikling i Hordaland 2018 (HNH)	13.02.			21.-22.02.		16.11.	
Fråsegn til Kommuneplanens arealdel Bergen kommune – KPA 2016	23.01.					16.11.	
Regional plan for Hardangervidda – vedtak av planprogram for rullering	23.01.			1.02.		16.11.	
Søknad til interreg Nordsjøprogrammet: RIGHT – Right Skills for the right future				21.-22.02.		16.11.	
Samferdselsavdelinga							
Årsrapport Kollektivstrategi			7.-8.02.	21.-22.02.	6.-7.03.		
Trafikkplan Bergen			7.-8.02.	21.-22.02.			
Digitalisering og kombinert mobilitet			17.01.	21.-22.02.			
Overordna føringar for prisar og produkt			6.06.	21.06.			
Transportordninga – nytt regelverk			14.03.	11.04.			
Kvinnheradspakken			7.-8.02.	21.-22.02.	6.-7.03.		
Årsmelding for fylkesvegane			15.05.	31.05.	12.-13.6.		
Evaluering av rammeavtalen med Statens vegvesen			15.05.	31.05.	12.-13.6.		
Vidareføring av Bømlopakken			15.05.	31.05.	12.-13.6.		
Kultur- og idrettsavdelinga							
Lokal mobilisering mot doping – ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan (haust 2018-vår 2020)	24.-25.04.	15.05.		31.05.			
Bevaringsplan for privatarkiv. Satsing og prosess	20.03.			11.04.			
Status Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring 2017 - 2020	23.01.	16.01.		1.02.			
Evaluering av bygningsvern-konsulentordninga	24.05.			31.05.	12.-13.06.		
Kulturminneplanar i kommunane (KIK) – sluttrapport	23.01.			1.02.			

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Oppfølging av «Evaluering av museumsreforma»	24.05.			31.05.	12.-13.06.		
Etablering av verdsarvråd for Bryggen	13.02.			21.-22.02.	6.-7.03.		
Tannhelse							
Oppfølging av klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta – 5 tannklinikkar skal vurderast på nytt når oppgåvefordeling og kommunestruktur er klar		6.-7.02.		21.-22.02.			
Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Kontrollutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Sekretariatet for kontrollutvalet							
Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt				18.12.17	6.-7.03.18		
Forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular				18.12.17	6.-7.03.18		
Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring				12.03.18	12.06.18		
Årsmelding for kontrollutvalet for 2017				7.5.18	12.06.18		

Notat

Dato: 17.04.2018
Arkivsak: 2015/1434-612

Til:	Arbeidsutvalet (FN-AU)
Frå:	Fylkesrådmennene

Politisk organisering - drøftingsnotat for hovudutvalsstruktur i ny fylkeskommune

1. Innleiing

I §7 i reglementet for fellesnemnda heiter det at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak PS 06/17:

«Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.

Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.

Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.»

Med grunnlag i dette notatet, og for det vidare arbeidet med fastsetting av politisk organisering av den nye fylkeskommunen, ber fylkesrådmennene om at arbeidsutvalet drøftar følgjande tema:

1. Fastsetting av samla politisk organisering i tre fasar, slik notatet legg opp til.
2. Idrettsområdet si faglege kopling til vidaregåande opplæring og kulturfeltet.
3. Tannhelseområdet si innplassering i den politiske strukturen.
4. Nye regionale politikkområde synleggjort i hovudutval for næring.
5. Endringar i høve intensjonsplanen sine føringar og krav til ny handsaming i fylkestinga.
6. Fellesnemnda si handsaming av spørsmålet om politisk organisering 04.05.18.

2. Fastsetting av politisk organisering i tre fasar

Den politiske organiseringa inneheld strukturar og føresetnader som til saman utgjer rammer og føringar for den politiske verksemda. Deler av den politiske organiseringa vil også vere retningsgjevande for den administrative organiseringa i den nye fylkeskommunen. Det vil vere mogleg å vurdere og fastsetje den politiske organiseringa langs tre hovudaksar med tilsvarande framdriftsfasar. Fylkesrådmennene innleier med å her sjå nærare på ei faseinndeling av det vidare arbeidet med politisk organisering.

2.1 Struktur for hovudutval (fase 1)

Fylkestinget og fylkesutvalet er dei øvste fylkespolitiske organa jf. kommunelova kap. 2. I tillegg kan fylkestinget opprette faste hovudutval for fylkeskommunale føremål eller for delar av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget fastset sjølv området for verksemda til dei faste hovudutvala. Slike hovudutval kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker dersom ikkje anna følger av lov. Faste hovudutval for politikktutforming bør i størst mogleg grad reflektere dei prioriterte og mest sentrale fylkeskommunale teneste- og utviklingsområda.

Fylkesrådmennene legg opp til at fellesnemnda sitt første steg no inneber fastsetjing av hovudutvalsstrukturen for den nye fylkeskommunen, og at denne saka vert handsama på fellesnemnda sitt møte 22. juni 2018.

Kommunelova slår i §10 fast at fylkestinget avgjer kva for faste fagutval ein skal ha for fylkeskommunale føremål eller for delar av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget kan sjølv når som helst omorganisere eller leggje ned faste utval og komitear. Det nye fylkestinget kan såleis gjere endringar i den politiske organiseringa som fellesnemnda no fastset for den nye fylkeskommunen.

2.2 Struktur for underutval, komitear, råd m.m. (fase 2)

Etter at hovudutvalsstrukturen er fastsett, legg fylkesrådmennene opp til at fellesnemnda skal fastsette struktur for underutval, komitear, råd m.m. Fase 2 med forslag til fastsetting av andre politiske organ (underutval, råd m.m.) vert lagt fram fellesnemnda 3. kvartal 2018. Det er ulike typar underutval, som kort kan kategoriserast på følgjande måte;

Lovpålagte organ

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette følgjande utval og råd:

- Kontrollutval
- Administrasjonsutval
- Råd for funksjonshemma
- Råd for eldre
- Fylkesvalstyre
- Fagskulestyre
- Yrkesopplæringsnemnd
- Klagenemnd - fagskulestyret

Faste underutval

Fylkestinget kan opprette faste underutval til fylkeskommunale føremål eller delar av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget fastset sjølv området for verksemda til dei faste underutvala, og kan tildele avgjerdsmynde i saker dersom ikkje anna følger av lov. Døme på slike faste underutval er:

- Finansutval
- Planutval
- Trafikksikringsutval

Mellombelse komitear

Fylkestinget kan sjølv opprette mellombelse komitear til førebuande handsaming av saker, eller som saksførebuande organ for fylkestinget.

2.3 Reglement for politiske organ og godtgjersle til folkevalde/politisk verksemd (fase 3)

Etter at den samla strukturen for dei faste politiske utvala, råd m.m. er fastlagt, legg fylkesrådmennene opp til at det skal utarbeidast reglement for dei politiske utvala, råd m.m. som set rammer for samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet regulerer såleis kor mange folkevalde som skal vere representerte i dei ulike organa, og om enkelte organ skal ha særskilte fullmakter og avgjerdsmynde på vegne av fylkestinget.

Reglement for godtgjersle har som føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jf. kommunelova §§ 41 og 42. Fase 3 med reglement for dei politiske organa og godtgjersle til folkevalde/politisk verksemd vert utarbeidd og lagt fram for fellesnemnda 4. kvartal 2018.

3. Eksisterande hovudutvalsstruktur i Sogn og Fjordane og Hordaland

Fellesnemnda gjennomførte ein første arbeidsverkstad knytt til temaet framtidig politisk organisering under nemnda sitt møte i Leikanger 08.03.18. Fylkesrådmennene fekk i den påfølgjande drøftinga i plenum i oppgåve å klargjere dagens politiske organisering i dei to fylkeskommunane.

3.1 Hovudutvalsstruktur i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert styrt etter formannskapsprinsippet.

- Fylkestinget har 31 medlemmer.
- Fylkesutvalet har 9 medlemmer.
- Fylkeskommunen har tre hovudutval, kvart med ni medlemmer:
 - Hovudutval for samferdsle
 - Hovudutval for opplæring
 - Hovudutval for næring og kultur
- Kontrollutvalet har fem medlemmer.

Hovudutvala har ansvaret for å ta initiativ og vere ein pådrivar for politikktutforminga innan ansvarsområde som fell naturleg inn under utvala sine saksfelt. Utvala ivaretek oppfølging av regionale planar, kommunale planar, samt statlege planar, ordningar og tiltak. Utvala har også ansvaret for å utforme mål for sine ansvarsområde og prioriteringar innanfor eigne tenestetilbod.

Tilråding til fylkesutvalet i planleggings- og økonomisaker, som m.a. årsbudsjett og økonomiplan vert gjort i dei respektive utvala. Utvala fordeler tilskots- og stønadsmidlar, og deler ut ei rekkje prisar innan sine fagfelt. I samsvar med delegasjonsreglementet, har hovudutvala også vedtaksrett i sektorplansaker, kan gje sjølvstendige fråsegner innan sine saksfelt, og kan gjere endelege vedtak i enkeltsaker.

3.2 Hovudutvalsstruktur i Hordaland


Også Hordaland fylkeskommune vert styrt etter formannskapsprinsippet.

- Fylkestinget har 57 medlemmer.
- Fylkesutvalet har 15 medlemmer.
- Fylkeskommunen har tre hovudutval:
 - Hovudutval for kultur, idrett og regional utvikling
 - Hovudutval for miljø og samferdsle
 - Hovudutval for opplæring og helse
- Kontrollutvalet har fem medlemmer.

Hovudutvala har, på same måten som i Sogn og Fjordane, ansvaret for å ta initiativ og vere ein pådrivar for politikktutforminga innan sine ansvarsområde, og ivareta oppfølging av regional plan, kommunale planar, samt statlege planar, ordningar og tiltak. Utvala har også ansvaret for å utforme mål for sine ansvarsområde og prioriteringar innanfor tenestetilbodet. Tilråding til fylkesutvalet i planleggings- og økonomisaker som mellom anna årsbudsjett og økonomiplan vert gjort i dei respektive utvala. Utvala fordeler tilskots- og stønadsmidlar, og deler ut ei rekkje prisar innan sine fagfelt. I samsvar med delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune, har utval også vedtaksrett i plansaker, kan gje sjølvstendige fråsegner innan sine saksfelt, og kan gjere endelege vedtak i enkeltsaker.

4. Hovudutvalsstruktur i den nye fylkeskommunen

Den politiske organiseringa som er vedteken gjennom intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland inneber eit fylkesting (regionting), eit fylkesutval (regionutval) og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda har fått i oppgåve å fastsetje den politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

Arbeidsutvalet til fellesnemnda har fått i oppgåve å legge fram eit forslag til politisk organisering av den nye fylkeskommunen til fellesnemnda. Arbeidsutvalet har opna opp for å vurdere om idrettsområdet bør leggast til hovudutval for kultur eller til hovudutval for opplæring, slik intensjonsplanen legg opp til.

4.1 Samfunnsutviklarrolla og legitimitet – tilrettelegging gjennom politisk organisering

Fylkeskommunane har ansvaret for viktige regionale teneste- og utviklingsoppgåver med betydning for andre aktørar og ulike delar av den regionale og lokale samfunnsutviklinga. Dei regionale teneste – og utviklingsoppgåvene definerer fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle i samspel med kommunar, regional, stat, næringsliv, frivillige organisasjonar, universitet og høgskular. Ei viktig grunngeving for å etablere eit sterkare regionalt folkevalt nivå har nettopp vore å sikre større heilskapstenking rundt regional samfunnsutvikling, og samfunnsutvikling generelt. I kva grad fylkeskommunen lukkast med å utøve denne rolla, kan vurderast langs tre hovuddimensjonar:

1. Fylkeskommunen si evne til å gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale føresetnader.

2. Fylkeskommunen si evne til å mobilisere næringsliv, frivillige organisasjonar, kulturliv m.m. med ressursar til å drive fram samfunnsutviklinga.
3. Fylkeskommunen si evne til å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Samordning mellom ulike ansvarsområde, oppgåver og verkemidlar internt i fylkeskommunen er ein viktig føresetnad for å ivareta samfunnsutviklarrolla. Fylkeskommunane må både på administrativ og politisk side evne å sjå dei ulike politikkområda i samanheng for å kunne gje ei tydeleg retning for samfunnsutviklinga – og ikkje minst for å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Fylkesrådmennene meiner fylkesutvalet vil ha eit særleg politisk ansvar for koordinering og samordning på tvers av sektorar og ansvarsområde. Likevel må også hovudutvalsstrukturen i størst mogleg grad legge til rette for politikktutforming der ulike ansvarsområde, oppgåver og verkemidlar vert sett i samanheng, og synleggjer fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle. Slike hovudutval for målretta og samordna politikktutforming vil også kunne bidra til å sikre fylkeskommunen sin legitimitet som folkevald nivå blant innbyggjarane og gjere det meir attraktivt å stille til val som fylkestingsrepresentant.

Politikktutforming gjennom m.a. regional planlegging omfattar dei tre hovuddimensjonane ved samfunnsutviklarrolla; å gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, å mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn, og å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk. Slik planlegging må også forankrast og kunne føregå i regi av hovudutvala, der ulike politikkområde i størst mogleg grad kan sjåast i samanheng.

I tillegg til drøftinga om idrettsområdet bør samordnast med kulturområdet eller opplæringsområdet, står det att å vurdere om tilsvarande samordning av andre politikkområde også bør synleggjerast innanfor hovudutvalsstrukturen.

4.2 Ny vurdering av idrettsområdet

I intensjonsplanen av 17.01.17 er idrett i den politiske organiseringa lagt til hovudutval for opplæring. Tilsvarande er idrett på administrativ side lagt til opplæringsdirektøren. Fellesnemnda sitt arbeidsutval gjorde 29.01.18 følgjande vedtak i saka om vidare prosess for fastsetjing av politisk organisering:

1. *Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestlandet fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.2018. Saka tek utgangspunkt i den vedtekte intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.*
2. *Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør liggje til hovudutval for opplæring slik intensjonsplanen legg opp til.*
3. *Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestlandet fylkeskommune.»*

Ei samanstilling av samordningsgevinstar mellom ulike politikkområde, kan danne grunnlag for ei drøfting av om idrettsområdet bør inngå i ein hovudutvalsstruktur saman med opplærings- eller kulturområdet.

Idrettsområdet er i dag ein integrert del av arbeidet i kultursektorane i dei to fylkeskommunane, der dei politiske sakene på området vert handsama i same hovudutval som kultursaker. Koplinga mellom kultur og idrett finn vi også i dei andre fylkeskommunane og i statsapparatet. I kommunane kan dette variere noko. Idrett

er ein del av det utvida kulturomgrepet, der samhandlinga mellom det offentlege og frivillig sektor/sivilsamfunnet har stått sterkt både i høve til tiltak på idrettsområdet og kulturområdet.

Innanfor idrettsområdet definerer friluftsløva m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftsløvsinteresser. Fylkeskommunen har også eit tildelt ansvar for å fordele spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Fylkeskommunen yter tenester og støtte i form av tilskot til idrettsorganisasjonar, prosjekt, arrangement osv., søknad om spelemidlar til idrettsanlegg i kommunane og tilskot til friluftstiltak.

Dei viktigaste samarbeidspartane knytt til idrettsområdet er frivillig sektor (primært idrettsorganisasjonane, friluftsløvsorganisasjonar, andre barne- og ungdomsorganisasjonar), kommunane, og regional stat. Kommunane si rolle som institusjonseigar (barnehage, skule, omsorgssentra), planmynde for lokale planer og tilretteleggar for frivillig sektor er særskilt viktig for gode samarbeidsløysingar.

Fylkesrådmennene legg stor vekt på at dei nye fylkeskommunane skal ha ei tydelegare samfunnsutviklarrolle samt at den regionale planlegginga skal gjerast meir forpliktande. Tilrettelegging for både organisert og eigenorganisert idrett, fysisk aktivitet, og friluftsliv vil vere viktige oppgåver. Det er i hovudsak eit breidde- og livsløpsperspektiv på det fylkeskommunale arbeidet med idrett og fysisk aktivitet, noko som også korresponderer tett med andre oppgåver innan kulturfeltet. Oppgåvene innanfor idrettsområdet samsvarer i stor grad med oppgåveporteføljen det i dag vert arbeidd med innan kulturområdet: planarbeid, utviklingsarbeid og tilskotsordningar. Idrettsområdet innanfor vidaregåande opplæring er retta inn mot idrettslinjer og spissa/spesialiserte idrettstilbod som t.d. toppidrett. I tillegg vil det og vere ein samheng mellom opplæringsområdet og idrettsområdet i utviklinga av campusprosjekt.

4.3 Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta er eit område som i stor grad er prega av drift og tenesteproduksjon. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune vil ha om lag 520 tilsette fordelt på administrativ eining og om lag 65 tannklinikkar. Av desse ligg 45 tannklinikkar i Hordaland og 20 tannklinikkar i Sogn og Fjordane.

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0–18 år (gr. A)
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19–20 år (gr. D)

Tannhelseområdet genererer relativt få løpande politiske saker, men er likevel eit svært viktig fagområde i den fylkeskommunale tenesteytinga. Tannhelseområde utgjør eit relativt stort og desentralisert tenesteapparat, og får slik sett stor politisk merksemd og eit omfattande engasjement frå kommunar og innbyggjarar i prosessar som dreiar seg om endringar i tilbodsstrukturen.

Det kan argumenterast for at politikkkutforming knytt til endringar i tilbodsstrukturen kan leggjast direkte i fylkesutvalet, slik at det ikkje er behov for at tannhelseområdet vert synleggjort eller på anna måte inngår i hovudutvalsstrukturen. Fylkesrådmennene ser likevel at det kan vere relevant å halde ein tydeleg opning for at det kan etablerast eit eige hovudutval på helse- og sosialområdet i fylkeskommunen, alt etter kva som måtte bli vedteke i Stortinget av ekspertutvalet sine framlegg.

4.4 Nye politikkområde i hovudutvalsstrukturen

Hovudutvalsstrukturen i intensjonsplanen syner viktige politikkområde som den nye fylkeskommunen har ansvaret for. Spørsmålet vidare er om det kan tenkast andre politikkområde i denne utvalsstrukturen, som ytterlegare kan medverke til å synleggjere fylkeskommunen som regional samfunnsutviklingsaktør.

4.4.1 Status for nye fylkeskommunale oppgåver og ansvarsområde

I Meld. St. 22 (2015–16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» vart det foreslått endringar i oppgåver og ansvar for regionalt folkevalt nivå. I Prop. 84 S (2016-17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» er desse framlegga vidareutvikla og konkretiserte noko, med utgangspunkt i handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16) i Stortinget.

Etter vedtaket i Stortinget 8. juni i år, jf. Prop. 84 S (2016-17) og Innst. 385 S (2016-17), syner tabellen under ei samla oversikt over oppgåver og ansvarsområde som er overførte til regionalt folkevalt nivå, eller som no vert greidde ut med tanke på slik overføring.

Område	Oppgåve/ansvar	Proposisjon 84 S	Innstilling 385 S (2016–17)
Infrastruktur og samferdsle	Sams vegadministrasjon	Regjeringa tek ikkje stilling til ei overføring av sams vegadministrasjon frå stat til fylkeskommunar før ei utgreiing er gjennomført	Stortinget ber likevel regjeringa syte for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, vert overført frå SVV til regionalt folkevalt nivå.
	Løyveforvaltning		Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å fornye regelverket for løyve og behovsprøving for persontransport slik at bestemmelsar knytt til dette kan fastsetjast av dei nye fylkeskommunane.
	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner	Ordninga vert overført til fylkeskommunane. Midlane vert flytta til rammetilskotet til fylkeskommunane	Ingen merknader til proposisjonen
	Kjøp av innanlandske flyruter	Overføring av ordninga med kjøp av innanlandske flyruter. Ordninga skal ikkje vere lov-pålagd for fylkeskommunane. Midlane vil bli flytta frå Samferdselsdepartementet sitt budsjett til rammetilskotet til fylkeskommunane	Ingen merknader til proposisjonen
	Ansvar for fiskerihamnene.	Overføring av eigarskap og ansvar for forvaltning, drift og vidare utbygging av statlege fiskerihamneanlegg.	Ingen merknader til proposisjonen.

	Ansvar for koordinering og utbygging av mobil- og breibandtenester	Fylkeskommunane bør ta eit koordineringsansvar for utbygging av digital infrastruktur. Oppgåva er ei naturleg forlenging av rolla som regional planstyresmakt og ansvaret for heilskapleg samfunnsutvikling	Ingen merknader til proposisjonen.
Næringsutvikling	Tilpassing av regionale grenser	Overføring av ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til dei nasjonale verkemiddelaktørane for næringsutvikling og forskning. Dei nasjonale verkemiddelaktørane si gjennomføring av regionale oppdrag skal tilpassast dei nye fylkesgrensene.	Ingen merknader til proposisjonen
	Oppgåver frå Innovasjon Noreg		Stortinget ber regjeringa overføre oppgåver knytt til regional næringsutvikling frå Innovasjon Noreg til dei nye regionane.
	Prosjekt om kystskogbruket og føregangsfylke for økologisk landbruk.	Overføring av ansvaret for prosjektet kystskogbruket og prosjektet føregangsfylke for økologisk landbruk.	Ingen merknader til proposisjonen
	Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak.	Overføring av ansvaret for forvaltning av midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak frå fylkesmannen.	Ingen merknader til proposisjonen
Utdanning og kompetanse	Utdanning og kompetanseutvikling	Ansvar for å leggje til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.	Ingen merknader til proposisjonen
	Karriererettleiing og karrieresenter	Kunnskapsdepartementet vil greie ut og vurdere forslaga frå NOU 2016:7 som gjeld fylkeskommunal plikt og andre oppgåver knytte til karriererettleiingstenester.	Ingen merknader til proposisjonen

	Styrkt regionalt ansvar for kompetansepolitikk	Vurderingar knytt til offentleg medfinansiering av studie-senter, regionale kurs- og kompetansesenter, kunnskaps-parkar og liknande aktørar som arbeider for tilrettelegging av opplærings- og utdannings-tilbod i tråd med regionale behov.	Ingen merknader til proposisjonen
Kulturområdet	Tilskot	Kulturdepartementet vil overføre tilskota til eit utval av kunst- og kulturinstitusjonar som i dag blir forvalta av Kulturdepartementet og Norsk kulturråd, til fylkeskommunal forvaltning.	Ingen merknader til proposisjonen
Klima- og miljøområdet	Friluftsområde og Skjergardstenesta	Klima- og miljødepartementet vil overføre oppgåver knytt til dei statleg sikra friluftslivs-områda frå fylkesmannen til regionalt folkevalt nivå. Oppgåver knytte til Skjergardstenesta regionalt bør samlast hjå fylkeskommunane.	Ingen merknader til proposisjonen
Klima- og miljøområdet/ kulturfeltet	Kulturminnefeltet	Det skal overførast eit større ansvar i forvaltninga av dei fleste automatisk freda kulturminna. Oppgåvene vil m.a. innebere søknader om dispensasjon etter kulturminne-lova, også i samband med planbehandling. Forvaltning av fartøy, tekniske og industrielle kulturminne og forskriftsfreda kulturhistoriske eigedomar i statleg eller privat eige skal overførast.	Ingen merknader til proposisjonen
Integrerings-området	Integrering	Justis- og beredskapsdept. meiner at det ikkje er grunnlag for å overføre ytterlegare oppgåver eller ansvar på integreringsområdet til regionalt folkevalt nivå.	Stortinget ber regjeringa utarbeide ein plan som konkretiserer kva oppgåver som kan overførast frå IMDi til dei nye fylkeskommunane

Fjellova og Finnmarkslova			Stortinget ber regjeringa greie ut om fjellova bør få same bruk i Nordland og Troms som sør for Nordland. Statskog skal framleis behalde ansvaret for skogressursane. Utgreiinga skal leggje til grunn at gjeldande Finnmarkslov ikkje vert utvida til nye geografiske område.
---------------------------	--	--	--

4.4.2 Forslag til nye politikkområde i hovudutvalsstrukturen

Med grunnlag i status for fylkeskommunale oppgåver og ansvarsområde, kan det tenkast nye område for politikktutforming og politisk verksemd som er aktuelle å synleggjere i ein hovudutvalsstruktur.

Klima og miljø

Det er i dag ikkje sett nasjonale mål for utsleppsreduksjonar for fylkeskommunar. Det er likevel lagt til grunn at fylkeskommunen skal nytte sine virkemiddel aktivt for å bidra til å redusere utslepp av klimagassar. I eit samla klima- og miljøperspektiv vil det også vere aktuelt å trekke inn fylkeskommunen si rolle i høve til planlegging og forvaltning innanfor naturressursområdet.

Samla sett gir dette fylkeskommunen ei viktig rolle med ansvar og ulike oppgåver, der klima- og miljøutfordringane vil vere ein sentrale premiss for framtidig politikktutforming på regionalt folkevald nivå. Fylkesrådmennene ser det som aktuelt å synleggjere deler av dette politikkområdet til det som i intensjonsplanen er nedfelt som hovudutval for næring. På denne måten vil det kunne bli ein tydelegare samanheng mellom miljøkrav og behov for m.a. omstillingstiltak i næringslivet.

Forsking og utvikling

Stortinget har lagt opp til at kvar nye folkevald region skal bli fondsregion for regionale forskingsfond. Forvaltninga av forskingsmidlane skal dermed ikkje lenger svare for strategiar og prioriteringar i fleire fylkeskommunar, slik ordninga er i dag. Det er usikkert korleis forvaltninga av dei regionale forskingsmidlane vil bli lagt opp i den nye regionstrukturen, men det kan bli ei løysing der den politiske styringa og forvaltninga av forskingsmidlane vert overført frå eit fondsstyre til ordinære fylkespolitiske organ. I tillegg har det vore ein vekst i statlege overføringar til dei regionale forskingsfonda dei seinare åra, som kan tyde på at dette er eit område for satsing og vekst framover.

I intensjonsplanen er det lagt opp til å synleggjere næring som eit politikkområde i eit eige hovudutval. Fylkesrådmennene ser det som aktuelt å synleggjere det styrka ansvaret for forskingsbasert innovasjon til dette hovudutvalet. På denne måten kan kunnskap, teknologiutvikling osv. sjåast i samanheng med behovet for utvikling av eksisterande næringsverksemdar og ikkje minst behovet for omstilling til nye næringsvegar.

5. Ekspertutvalet - aktuelle nye oppgåver og konsekvensar for hovudutvalsstrukturen

I Prop. 84 S (2016–17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» varsla regjeringa at det våren 2017 skulle setjast ned eit ekspertutval som ville få i oppdrag å vurdere ytterlegare oppgåver og ansvar til fylkeskommunane. Ekspertutvalet vart oppnemnt 13.06.17, og leverte si innstilling «Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane» 01.02.18.

Ekspertutvalet meiner det særleg er tre store politikkområde der fylkeskommunane bør ha oppgåver og handlingsrom til å bygge opp ein sterk og tydeleg regional politikk. Prioriteringane innan desse felta krev tilpassing til ein regional kontekst. Dette er oppgåver knytte til:

- Arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsle.
- Verkemidlar for næringsutvikling og kompetanse.
- Verkemidlar og tenesteoppgåver som er viktige for folk si helse, trivsel og levekår.

Ekspertutvalet har lagt fram ei rekke forlag til statlege oppgåver som bør overførast til regionalt folkevald nivå. Dersom dette vert vedteke og gjennomført, vil det vere grunnlag for å vurdere endringar i hovudutvalsstrukturen. Spesielt vil dette gjelde for nye og meir omfattande oppgåver innanfor helse – og sosialområdet, samt oppgåver innanfor natur- og ressursforvaltning.

6. Oppsummert: Spørsmål til drøfting i arbeidsutvalet (FN-AU) 24.04.18

Med grunnlag i notatet, og for det vidare arbeidet med fastsetting av politisk organisering av den nye fylkeskommunen, ber fylkesrådmennene om at arbeidsutvalet drøftar følgjande spørsmål:

1. Fastsetting av samla politisk organisering i tre fasar?
2. Idrettsområdet saman med hovudutval for opplæring eller hovudutval for kultur?
3. Hovudutvalsstruktur utan tannhelseområdet, men med opning for etablering av eige helse- og sosialutval dersom nye helse- og sosialoppgåver vert overførte frå staten i tråd med ekspertutvalet si innstilling?
4. Nye politikkområde synleggjort i hovudutval for næring?
5. Endringar i høve intensjonsplanen sine føringar og krav til ny handsaming i fylkestinga?
6. Skal møtet i fellesnemnda, 4.mai 2018, handsame spørsmålet om politisk organisering, og eventuelt på kva måte?

NotatDato: 30.04.2018
Arkivsak: 2014/560-310
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Utvalet sine medlemmer

Referat frå dialogdagen 04.04.2018**Kultur, idrett og regional utvikling**

Fra KIRU stilte Lisa og Jens, Jonas hadde dessverre ikke mulighet. På møtet med administrasjonen presenterte vi vår del av UPP og gikk gjennom punktene og hva vi eventuelt kunne gjøre for å følge dem opp. Vi fikk også vite litt om hvordan vi kan påvirke og hvilke saker som kan være relevant for oss. Vi snakket mye om bokbåten og en del om folkehelseplanen. Bibliotek var også mye i fokus, samt UKM.

På møtet med politikere møtte vi Beate Husa, som er leder for KIRU. Vi snakket om hva politikerne gjør og hvordan de ønsker vi skal komme med innspill. Lisa måtte gå etter en stund, og da snakket Jens og Beate om ordningen rundt gratis skolefrokost. Skolebibliotek og hvordan gjøre bibliotek mer attraktivt for ungdom ble også diskutert her.

Opplæring og helse*Utdanning*

- Lærlingombodet
- Prioritere når det kjem til kvalitet VS kvantitet i lærlingsplassane
- Ta kontakt med nokon lærlingar og høyra korleis dei har det
- Hjelp til med å starte «lærlingenenes interesse-organisasjon» om det er av interesse
- Lærlingråd
- Ikkje opprette tilbud som fører folk ut i arbeidsledighet
- Firma er ofte meir bevist på dårleg utsyr enn lærling, og føler ikkje at dei har nok «up to date» utstyr til å ta i mot lærlingar.
- Karriere veiledning
- Bruke omgivnadane i utdanningsval på ungdomsskulen
- Lærarane har dårleg kompetanse ang. utdanningsval. Moglegheit til kurs
- Skolemiljø-konferansen 25.september (representere UFU der?)
- Rusførebygging i skulen
- Petter Borten kan fortelje litt om innføringsklassar/miksklassar
- Innføringsklassar blir ofte distansert frå resten av skulen

Psykisk- og fysisk helse

- Ressurscenter for traumatisk stress (RVTS vest) (Møhlenpris IL, BMO osv.)
- Vergelandssenteret og RAFTO
- Mobbeombudet og MOT skular

- Psykolog team
- Miljøterapeuter på Slotthaug
- Livsmestring
- Snillsnakk
- TOO (tortur-offer, overgrepsoffer og dei med diagnostisert «tannlegeangst» får tannhelse gratis frå fylkeskommunen i tillegg til barn under 20år, personar med nedsatt «funksjonsevne», fangar, innlagte osv.)

Miljø og samferdsel

Møte med administrasjonen

Vi prata om bruken av setebelte i bussar og korleis systemet for klasse 1 bussar fungerer. Vi blei oppfordra til å be ungdomsråda om å sende inn skriftlege innspel til skyss ang. ruteendringar. Når det kjem til klima og miljø, fortalte administrasjonen at papir var på veg ned og at innan 2020 skal det vere fossilfrie bussar i Bergen. Dersom vi ønsker tall ang. Matsvinn og papir nedgang kan vi ta kontakt med Sølve Sondbø. Skyss er einig med at det bør bli utforma ei app med begge funksjonane dei to no verande appane har.

Møte med politikar

Marthe Hammer

Marthe oppfordrar oss til å bruke meir media, ta kontakt med politikarar og be om sakar og utgreiingar, særleg i saker som gjeld dårlege vegar og miljøproblem. Vi blir òg oppfordra til å løfte problemet om trafikksikkerheit. Ho fortel at det blir gitt ut ein miljøpris kvart år til ein som har vore særleg miljøkjempar. Misa lurar på om dette kan vere aktuelt å lage ein liknande pris for ungdom i Hordaland.

Eigen organisasjon

Jennifer Fossnes --> Kommunikasjonsrådgjevar

- Gjere folk meir bevist på våre hjertesaker. Gjere det lettare å finne desse enkelte konkrete sakane på Hordaland.no og Facebook sida vår.
- Gjere det meir klart på både sosiale media og Hordaland.no kven me er og kva me gjer! Ein kan td. lage ein kort film kvar ein forklarar dette og legg ut på Facebook.
- På Fb må me vera klarar på kven me ynskjer å nå, som jo er ungdommen. Skrive kort, konkrete tekstrar og legg ut innlegg som vil skape engasjement og samstundes orientere om kva me driv med jamleg.
- Skrive kva me meiner om dagsaktuelle saker.
- Språket; huks at det er ungdommen me skal nå!
- Bruk verkemiddel, gjer det spanande!
- Lag planer tidsperioden framover, og legg ut jamlege innlegg. Kva vil me fokusere på i denne perioden?
- Når ein har ein sak som ein veit vil engasjere, bruk spons for å nå ut til dei ein ynskjer skal få med seg arbeidet våra.
- Bruk meir video, korte og engasjerande! Aldri meir enn 1min helst.
- Ta direkte kontakt med journalistar når ein ynskjer å nå ut med ei sak.

Hugs alltid at det er ungdommen me skal nå! Kva vil dei veta?

Samanslåing

Kor skal me inn i prosessen?

Kva skal me bidra med?

UFU trer i verk i 3.kvartal 2018 i samanslåingsprosessen. Me bør koma med ein formeining ang. kva me vil med UFU/UPP når me slår oss saman med Sogn og Fjordane.

Det står ikkje i vedtektene våre eller i UPP at me har eit mandat til å starte denne prosessen.

UFU bør ta stilling til korleis det nye «UFU» skal bli sjåande ut i fase 2.

Fellesnemda har møte 22.06 og 21.09. Om me har eit gjennomtenkt forslag og har bestemt oss på kva me vil så kan me delta i fellesnemda. Då bør me helst reise på det første møte for å presentere modellen vår. Møte i september kjem til å gå på fase 2 og kjem til å være meir nyttig for oss men om me deltar på det fyrste møtet er me tidlegare ute.



Arkivnr: 2018/10227-1

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	31/18	08.05.2018
Ungdommens fylkesutval	28/18	14.05.2018
Utval for opplæring og helse		15.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Mandat for elev- og lærlingombodet i Hordaland

Samandrag

I 2015 vedtok fylkestinget å opprette stillinga som elev- og lærlingombod, som er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring. Elev- og lærlingombodet starta i stillinga si januar 2017.

I desember 2017 bad fylkestinget fylkesrådmannen om å legge fram eit framlegg til mandat for elev- og lærlingombodet. Dette forslaget til mandat ligg føre i saksutgreiinga, og det definerer organisering, rapportering, initiativrett, målgruppe og arbeidsoppgåver.

Økonomi: Elev- og lærlingombodet vert finansiert av Hordaland fylkeskommune.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Elev- og lærlingombodet si verksemd kan bidra til betre folkehelse i blant unge i Hordaland.

Regional planstrategi: Elev- og lærlingombodet si verksemd kan bidra til arbeidet for å nå målet i utviklingsplanen for Hordaland om å bli eit meir inkluderande samfunn.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.04.2018

Saksutgreiing

Elev- og lærlingombodet starta i stillinga i januar 2017. Ansvarsområdet omfattar alle elevar, lærlingar, lære kandidat og opplæringsinstitusjonar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet. Elev- og lærlingombodet skal på eit uavhengig grunnlag bidra til å styrkje fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivareteke rettane sine i tråd med opplæringslova.

Ombodet skal stå fritt til å uttale seg om forhold som ho meiner må endrast for å gi elevar og lærlingar det dei har krav på. Ombodet kan difor opptre med autoritet, identifisere og samanfatte utfordringar og vere synlege og aktive i samfunnsdebatten. Ombodet kan fungere som kontaktskapande og konfliktløysande aktør i tillegg til det formelle klagesystemet, og dermed bidra til auka rettstryggleik for elevar og lærlingar.

Forslag til mandat for elev- og lærlingombodet i Hordaland

1. ELEV- OG LÆRLINGOMBODET I HORDALAND

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lære kandidat* (heretter omtalt som lærlingar) i vidaregåande opplæring. Elev- og lærlingombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal komme i kontakt med. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivareteke rettane sine. Ombodet arbeider for at alle elevar og lærlingar skal få ei rettferdig behandling etter lov, forskrift og fylkeskommunalt regelverk, og er ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningsliner og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad.

2. ORGANISERING, RAPPORTERING OG INITIATIVRETT

Ombodet er plassert direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon, og rapporterer årleg til fylkestinget. Ombodet har også høve til å rapportere direkte til fylkesrådmann. Ombodet skal ha ein systematisk og kontinuerlig dialog med administrasjon og politisk leiing, med faste møtepunkt fleire gongar i året. Ombodet kan på eige initiativ fremme saker til utval for opplæring og helse.

3. MÅLGRUPPE

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lære kandidat og opplæringsinstitusjonar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet.

4. ARBEIDSOPPGÅVER

Opplæringslova og Arbeidsmiljøloven er utgangspunkt for elev- og lærlingombodet sitt arbeid. Viktige oppgåver for elev- og lærlingombodet vil vere å gi rettleiing, førebyggje, informasjonsarbeid, kompetanseheving og samarbeid.

Rettleiing og hjelp

- Svare på spørsmål, støtte, og gi rettleiing om korleis elevar og lærlingar sjølv kan påverke og løyse problem og utfordringar dei møter i læresituasjonen.
- Ved spørsmål frå elevar og lærlingar kan ombodet ta opp spørsmål av prinsipiell karakter og legge det frem for aktuell instans. Ombodet si vurdering i slike tilfelle er av rådgjevande karakter.
- Ombodet kan ta opp saker for å få klårheit i korleis lov, forskrift og fylkeskommunale eller interne retningsliner tolkast, handhevast og praktiserast i skule, opplæringsinstitusjonar og opplæringsavdelinga i fylket.

Informasjonsarbeid og kompetanseheving

- Vere ein informasjonsressurs og rettleiar for elevar, lærlingar, føresette, skuleleiing, lærebedrifter og andre som har behov for, eller ønsker informasjon og hjelp når det gjeld vidaregåande opplæring.
- Kommunikasjons- og informasjonsverksemd gjennom foredrag/informasjonsmøte, møte med relevante samarbeidspartnarar, sosiale media og eigen nettstad. Dette skal vere eit supplement og ikkje ei erstatning i høve til den oppfølginga som skuleeigar sjølv har ansvaret for gjennom lov, forskrift og fylkeskommunale pålegg og retningsliner.
- Skal synleggjere og informere om rolla som ombod, og ha spesielt fokus på rettar og plikter knytt til opplæringa.

Samarbeid

- Samarbeide med aktørar som arbeider med ungdom på ulike nivå.
- Samarbeide med mobbeombodet om saker som gjeld kapittel 9 A.
- Skal delta i nettverk som er formålstenleg for fagfeltet og oppgåvene som skal utførast.
- Ombodet skal bidra til å skape kontakt, spreie kunnskap og informasjon mellom dei ulike partane. Målet er å fremme samarbeid og dialog, samt å førebyggje misforståingar og konflikhtar.
- Ombodet skal utgjere ein ressurs for aktørar i skulesamfunnet og opplæringsinstitusjonar, både som en kritisk samarbeidspartner og ein pådrivar på elevane og lærlingane sine premiss.

5. OMBODET SIN RETT TIL Å FÅ OPPLYSNINGAR OG RETT TIL DOKUMENTINNSYN

Seksjonar/avdelingar som utfører tenester for forvaltninga i Hordaland fylkeskommune, skal gi ombodet dei opplysningar som trengst for å utføre ombodet sine oppgåver innanfor dei reglar som gjeld for personvern og teieplikt.

6. TEIEPLIKT

Ombodet har teieplikt og saker blir ikkje tatt vidare utan samtykke. Alle kan kontakte ombodet for å diskutere alt som har med vidaregåande opplæring å gjere - heilt uforpliktande.



Arkivnr: 2018/10229-1

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

Saksframlegg

Yrkesopplæringsnemnda	30/18	08.05.2018
Ungdommens fylkesutval	29/18	14.05.2018
Utval for opplæring og helse		15.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		08.05.2018
Ungdommens fylkesutval		14.05.2018
Utval for opplæring og helse		15.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Mandat for mobbeombudet i Hordaland

Samandrag

Fylkestinget vedtok å opprette mobbeombudet i Hordaland som eit prøveprosjekt i 2014, og fylkestinget vedtok vidare å gjere ordninga fast i 2017. Ved at fylkestinget går inn for mandatforslaget som ligg føre, vil Hordaland bli med i den nasjonale ordninga med fylkesvise mobbeombod når denne startar opp 1. august 2018.

Dette forslaget til mandat for mobbeombudet i Hordaland er utforma med det nasjonale mandatet om mobbeombod i alle fylke som grunnlag. Her står det følgjande:

Mobbeombudet skal støtte og veilede barn, elever og foreldre slik at disse får ivaretatt sine rettigheter til et godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskole. Mobbeombudet skal i samarbeid med elev- og lærlingeombudet i sitt fylke, bidra til at elever og lærlinger får ivaretatt sine rettigheter til et godt psykososialt miljø i videregående opplæring.

Dette inneber at målgruppa for mobbeombudet aukar frå 25 000 ungdommar i vidaregåande utdanning til å omfatte 116 000 barn og ungdom. Forslaget til mandat speglar denne utvidinga av målgruppa. Mandatforslaget ligg føre i saksutgreiinga, og det definerer organisering, rapportering, initiativrett, målgruppe og arbeidsoppgåver.

Økonomi: Deltaking i nasjonal ordning med fylkesvise mobbeombod utløyser statlege løyvingar til arbeidet på 250 000 kroner i 2018 og 500 000 kroner i 2019.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Mobbeombudet si verksemd kan verke positivt inn på folkehelsa blant barn og unge i Hordaland.

Regional planstrategi: Mobbeombudet si verksemd vil kunne bidra positivt for å oppnå målet i planstrategien om at Hordaland skal vere eit inkluderande samfunn.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.04.2018

Saksutgreiing

Hordaland fylkeskommune oppretta eit mobbeombod som ei forsøksordning i 2014. Erfaringane frå denne prøveordninga synte seg å vere så gode at fylkestinget vedtok å gjere ordninga fast i juni 2017. I oppdragsbrev 17/40 frå Kunnskapsdepartementet vert Utdanningsdirektoratet beden om å setje i verk ei ordning med fylkesvise mobbeombod frå hausten 2018.

Hordaland fylkeskommune fekk ein invitasjon til å bli med i ordninga i januar 2018. Dette tilbodet valde fylkeskommunen å nytte seg av. I oppdraget frå Kunnskapsdepartementet går det mellom anna fram at barn, elevar og foreldre skal vere omboda si primære målgruppe, og mobbeombodet skal ha både barnehage og skule som verkeområde. Dette inneber at mobbeombodet i Hordaland utvidar målgruppa si frå i dag å fokusere på vidaregåande skular, til å utvide fokus til å omfatte barnehagar og skular. Forslaget til mandat for mobbeombod i Hordaland er utarbeidd for at ombodet skal gjere nettopp dette.

Forslag til mandat for mobbeombodet i Hordaland:

Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge i Hordaland får ivaretatt sine rettar til eit godt barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet skal òg i samarbeid med elev- og lærlingombodet i Hordaland bidra til at elevar og lærlingar får i varetatt sine rettar til eit godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring.

Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Ombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod for barn, elevar og føresette.

Organisering, rapportering og initiativrett

Ombodet er tilsett i fylkeskommunen sin stab og samlokalisert med elev- og lærlingombodet. Omboda er plassert direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon, og rapporterer årleg til fylkestinget. Ombodet har også høve til å rapportere direkte til fylkesrådmann. Ombodet skal ha ein systematisk og kontinuerlig dialog med administrasjon og politisk leiing i fylkeskommunen, med faste møtepunkt fleire gongar i året. Ombodet kan på eige initiativ fremme saker til utval for opplæring og helse.

Mobbeombodet er ein del at eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka.

Målgruppe

Målgruppa til mobbeombodet er barn og unge i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring i Hordaland, samt deira føresette.

Arbeidsoppgåver

Barnekonvensjonen, Barnehagelova og Opplæringslova er utgangspunkt for mobbeombodet sitt arbeid. Oppgåvene til mobbeombodet inneberer:

- Støtte og rettleie barn, elevar og føresette i saker om psykososialt miljø
- Jobbe førebyggjande med informasjon og opplæring til barn, elevar og føresette
- Skape dialog og bidra til god tverrfaglig oppfølging, også etter at saker er handtert
- Bidra til dokumentasjon og erfaringsdeling i fylket og nasjonalt
- Støtte elev- og lærlingombodet i arbeid med psykososialt miljø i vidaregåande opplæring
- Samarbeide med barn og unge, samt aktørar som arbeider med barn og ungdom på ulike nivå (til dømes: elevråd, ungdomsråd og ungdommens kommunestyre, Elevorganisasjonen, kommunar, barnehage- og skuleeigarar, PPT, skulehelsetenesta, helseaktørar, politiet, frivillige organisasjonar, høgskular og universitet.)

- Vere ein informasjonsressurs og rettleiar for tilsette i barnehage og skule

Teieplikt

Ombodet har teieplikt og saker blir ikkje tatt vidare utan samtykke.



Arkivnr: 2014/560-308
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	30/18	14.05.2018

Orientering frå konferansar, møter og anna sidan førre møte

Samandrag

Medlemane i Ungdommens fylkesutval har vore på fleire møter, konferansar og anna sidan førre møtet. Det vore positivt om resten av utvalet vert informert om desse. Det er og mogleg å gjere vedtak under denne saka.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/560-309
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	31/18	14.05.2018

Korleis skal eit medverknadsorgan for ungdom sjå ut etter samanslåinga?

Samandrag

Ungdommens fylkesutval vart på Dialogdagen informert om samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Leiarane for utvalet i dei to fylka vart og invitert til eit møte i fellesnemnda (i juni eller i september) for å seie litt om kva som er viktig for ungdom i samband med samanslåinga. Det er då viktig å få fram korleis ein ønskjer at eit medverknadsorgan for ungdom skal sjå ut etter samanslåinga.

Her er informasjon frå regjeringa, inkludert tips om korleis ungdomsråd skal vere så effektive som mogleg: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/kommunen-og-innbyggerne/ungdomsråd/id2425384/>.

Angående forskrifta som skal seie noko om retningslinjer for medverknadsorgan for ungdom skriv kommunal- og moderniseringsdepartementet til barneombodet i februar i år at:

«Målet er å ha på plass et regelverk for medvirkningsordninger til kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019.»

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/560-306
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	32/18	14.05.2018

Delegat på Ungdommens fylkesting 2019 - ikkje medlem av ungdomsråd

Samandrag

Fjell UKS har fått ei førespurnad frå eit tidlegare medlem om å få vere delegat frå Fjell UKS på Ungdommens fylkesting 2018.

Saka har vore lagt fram for kontrollkomiteen som har kome med ei uttale.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.04.2018

Bakgrunn

Kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell, Unni Rygg, sendte slik e-post 05.03.2018:

«Roland Fredriksen, født 28.01.2001, har vore medlem, og leiar, i ungdommens kommunestyre (UKS) i Fjell i perioden 2015-17. Han har no teke kontakt og kome med innspel om å få vere delegat frå Fjell kommune til ungdommens fylkesting (UFT) 2019, sjølv om han ikkje lenger er medlem i Fjell UKS. Roland ynskjer å stille som kandidat til ungdoms-fylkesordførar 2019, og vil difor kome på tinget 2019.

Når eg ser i UFT sine vedtekter så står det ganske klart i § 2.7 at «Representantane skal veljast til UFT frå ungdomsråd / UKS i kommunen»:

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/vedtekter-for-ungdommens-fylkesting-og-ungdommens-fylkesutval.pdf>

Eg fekk likevel tips frå Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson, Ingeborg Strandberg, om å sende ein e-post til ungdommens fylkesutval (UFU) og la dåke avgjere om Roland Fredriksen kan få reise til UFT 2019 som delegat for Fjell UKS dersom UKS tillèt det. Sjølv om noverande UKS er positive, i alle fall dei som han har snakka med, så har eg sagt til han at han uansett må legge fram saka for dei som er medlemer i UKS hausten 2018 då det er deira plass han ev. tek over.

I mellomtida så kjem vi såleis med følgjande førespurnad til UFU; om Roland Fredriksen kan få reise til tinget 2019 på vegne av Fjell UKS – dersom UKS i møtet hausten 2018 vel han som ein av deira delegater – slik at Roland Fredriksen kan stille som kandidat til ungdoms-fylkesordførar / leiar UFU 2019.»

Regelverk

I vedtektene for Ungdommens fylkesting står det slik:

«§ 2.7

Kvar kommune i Hordaland blir inviterte til å sende to frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting som delegatar. Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige ungdommar til dømes frå elevråd eller liknande.»

Vurdering frå kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen, ved leiar Håkon Kongsvik, kom med ei slik vurdering i e-post 16.03.2018:

«Slik vi i kontrollkomiteen ser det så vil det ikke utgjøre noe nevneverdig problem at Fjell kommune sender Roland Fredriksen som delegat til UFT 2019 såfremt Fjell UKS formelt godkjenner at Roland deltar på vegne av Fjell kommune med delegatstatus, og at de da er klar over at det vil resultere i at de må sende en mindre fra UKS med delegatstatus.

Vi gjør oppmerksom på at dersom dette skal godkjennes så bør det foreligge et formelt vedtak i både Fjell UKS og UFU som godkjenner Roland sin deltakelse med delegatstatus, dette er med tanke på § 2.7 at «Representantane skal veljast til UFT frå ungdomsråd / UKS i kommunen»

Bakgrunnen for vår anbefaling er at det i all hovedsak er viktig å sikre et sterkt engasjement for fylkespolitikk blant ungdom i Hordaland.»

Administrasjonen vil ikkje kome med ei tilråding i denne saken.



Arkivnr: 2014/560-307
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	33/18	14.05.2018

Møteplan for Ungdommens fylkesutval i 2018

Samandrag

I møtet 21.02.2018 gjorde Ungdommens fylkesutval slikt vedtak:

«Ungdommens fylkesutval vedtek slik møteplan for 2018:

16.-18. mars	Helgemøte
4. april	Dialogdag
7. mai	Ordinært møte
15. juni	Sommeravslutning
24.-26. august	Helgemøte
19. september	Ordinært møte
12.-14. oktober	Helgemøte
3.-4. november	Nettverkssamling
21. november	Ordinært møte
7.-9. desember	Helgemøte med julebord

Ungdommens fylkesutval ber om ei ny sak om møteplan 2018 i mai.»

Administrasjonen legg difor fram ny sak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.